



ÅRSMELDING

for

Tysnes kommune

2011

UGGDAL, 11.05.12

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/77	2155/12	001	FSK/FEL/AUHO/åd	

ÅRSMELDING 2011

Innleiing

Då kommunen som verksemd utarbeidde si første årsmelding i 1988, var detaljnivået noko annleis enn det me har praktisert dei siste åra. Ein del kommunestyrerepresentantar tykte vel om å få ut desse relativt omfangsrike meldingane på pluss/minus 100 sider. Me har no i fleire år lagt opp til litt kortare versjonar. Det har me stort sett klart, men det er gjerne ei utfordring både for etatane og sentraladministrasjonen å makta og fatta seg i ”korthet”.

Leisten for årsmeldingsmalen har også vorte tilpassa gjennom åra. Me har prøvt å finna praktiske mellomløysingar. Dette saman med detaljeringsgraden har stort sett vist seg å verta rimelig oversiktlege, innhaldsmessig korrekte og godt mottekne meldingar.

Kvart fjerde år er det kommunestyreval. 2011 var eit slikt valår. Det nye kommunestyret vart valt på valdagen den 12. september og det starta formelt opp sin 4 – års styringsperiode frå og med det konstituerande kommunestyremøtet som vart halde den 11. oktober. – Kommunestyret er kommunen sitt øverste organ, all makt i den kommunale verksemda er i utgangspunktet samla her. Under valet i fjor haust vart 9 av dei 21 sitjande kommunestyrerepresentantane attvalde, tilsvarande 42,86 %. Det kom med andre ord inn 12 heilt nye representantar – ein utskiftingsprosent på 57,14.

Etter tilråding frå kontrollutvalet vedtok kommunestyret i møte i september 2011 å auka talet på medlemmer i kontrollutvalet frå 3 til 5 frå og med valperioden 2011 – 2015.

Året 2011 vart ”historisk” for Tysnes kommune i den forstand at me både fekk ny ordførar og ny rådmann. Rådmann Roy-Sverre Amundsen byrja i stillinga den 17. januar, og den nye ordføraren, Kjetil Hestad, vart valt av kommunestyret i det konstituerande møtet den 11. oktober. – Avtroppande ordførar, Helge Hauge, hadde då vore ordførar i til saman 5 kommunestyreperiodar. Tidlegare rådmann, Audun Hovland, hadde ved si fråtreden vore i jobben i 24 år

I 2011 vart det søkt om Kongens Fortenestemedalje til avtroppande ordførar for hans store og breie samfunnsgagnlege arbeid. I den første månaden i det nye året kom meldinga frå Slottet om at Helge Hauge var tildelt Kongens Fortenestemedalje i Sølv. Medaljen vart overrekt Hauge av ordføraren den 21. februar 2012 i ei harmonisk og verdig markering på Haaheim Gaard.

På det administrative planet har det både i 2010 og 2011 vore ein del endringar som i det vesentlege skuldast generasjonsskifte / pensjonering. Desse utskiftingane vil halda fram dei næraste åra. Det er vidare slik at ein stor del av den totale arbeidsstokken til kommunen er eldre enn 55 år, og me vil såleis stå føre betydeleg utskifting i noverande ”mannskap” over få år.

Utfordringane til Tysnes kommune vil ikkje minst vera å makta og rekruttera ny og kompetent arbeidskraft i ein ”trang og varm” marknad. Dette slit me alt med og det er mindre sannsynleg at desse oppgåvene vert enklare dei første åra.

Drifta av ein kommune er ein personellintensiv ”affære” der meir enn sytti prosent av driftsutgiftene går til avlønning og sosiale utgifter knytt til arbeidstokken. Dette er ikkje enkelt å endra på kort sikt. Dei føreståande naturlege avgangane gjev oss eit godt høve til å gå inn i omfattande endringsprosessar kor moglege nedbemanningar vert eit sentralt tema.

Me nemner elles følgjande føring frå kommunestyret i samband med budsjett- og økonomiplansaka i desember 2010:

”Kommunestyret ber rådmannen føreta ein gjennomgang av organisering, rutinar og oppgåver på rådhuset. I arbeidet må ein sjå på om organiseringa er rett i forhold til dei oppgåver som skal løysast, samarbeid og samordning mellom etatar og kontor. Nytt økonomisystem må utnyttast fullt ut. Kan arbeidsoppgåver og rutinar optimaliserast? Kan kommunen samarbeida med andre kommunar om einskildoppgåver? Arbeidet må gjerast når ny rådmann er på plass, og kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak om resultatet av arbeidet innan møtet i kommunestyret i juni.”

Rådmannen har jobba med denne føringa frå han byrja i stillinga. I juni la han fram sak for kommunestyret om bakgrunn, mål og rammer for prosjektet, omfang og forankring, prosjektorganisering og prosjektplan. Kommunestyret slutta seg til dei tankane rådmannen presenterte i høve organisasjonsutviklinga for rådhuset. – Det var seinare i 2011 informasjonsmøte for alle tilsette på rådhuset, og det vart sett ned ei styringsgruppe samansett av rådmann, ass rådmann, økonomisjef, hovudtillitsvalt Fagforbundet og verneombod rådhuset. Styringsgruppa er no godt i gang med arbeidet sitt; dei har herunder vitja andre kommunar for å få nærare innblikk i og informasjon om korleis dei organiserer seg administrativt.

Rådmannen har vidare følgd opp kommunestyret si føring ved at han har innleia tingingar med dei samarbeidande kommunane innan landbruksforvaltning, Fusa, Os og Samnanger, med sikte på at Tysnes skal kunna gå inn som ein fjerde part i dette samarbeidet. Kommunestyret handsama saka i møte 21. februar i år og gav då sin tilslutnad til vidareføring av dette prosjektet.

Rådmannen har og arbeidd med ein avtale med Os kommune om kjøp av skatteoppkrevjarfunksjonen frå dei. Denne saka var også føre i kommunestyret 21. februar i år, og kommunestyret gav då på visse vilkår rådmannen fullmakt til å gå vidare med denne saka.

«Nytt økonomisystem må utnyttast fullt ut», vart det blant anna uttrykt i kommunestyret si føring av desember 2010. – Det vart arbeidd ein del med innføring av nytt økonomisystem i 2010. Det har frå botnen av vore eit samarbeid mellom kommunane Fusa, Samnanger og Tysnes. Det vart gjennomført anbudsrunde og EDB ErgoGroup vann denne. Nytt økonomisystem vart teke i bruk i juni 2011, og nytt løns- og personalsystem vart sett i drift frå 01.01.12. Samarbeidet mellom dei tre kommunane har fungert godt. Men innføringa av systema har medført svært mykje meirarbeid for organisasjonen, og då især for økonomikontoret. Det er mange oppfølgingsoppgåver som skal på plass sjølv etter at systema er sette i drift. Rådmannen har som mål å utnytta dei nye systema ”fullt ut”. Det er likevel for tidleg å sei noko inngåande om effektane og måloppnåingane av systema alt no. Systema må kontinuerleg vurderast og siktast inn mot full utnytting etterkvart som dei ”går seg til”.

Kommunestyret la i møte 13. desember 2011 blant anna slik framtidsperspektiv – føring under budsjett- og økonomiplanvedtaket:

”Det vert føresett at det ved inngangen til 2012 vert sett i gang politiske prosessar for å finna omleggingar av drifta som gjev varige innsparingar i økonomiplanperioden. Innsparingane skal i den grad det er mogleg setjast i verk allereie for budsjettåret 2012.”

Rådmannen la alt i formannskapsmøte 12. januar i år fram eit strategi-/drøftingsnotat med tilvising til kommunestyret sitt totalvedtak i saka om budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015. Føremålet med notatet var å gje ei skildring av no-situasjonen for Tysnes kommune, samstundes som det skulle gje eit diskusjons- og avgjerdsgrunnlag for val av strategi for å oppnå endring og utvikling på kort og lang sikt. Notatet var vinkla tiltaks- og framtidsretta med hovudfokus på endring av dei økonomiske vilkåra og føresetnadene for drift av Tysnes kommune. Fokuset var retta inn mot dei tre perspektiva: drift, tilpassing og utvikling.

Gjennom formannskapet si handsaming i møtet den 12.01.12 fekk rådmannen tilslutning til mange av innspela sine og formannskapet gav ytterlegare signal. Frå formannskapet si side vart ein del tiltak konkretiserte i vedtaksform i møtet 26.01.12, og kommunestyret handsama blant anna skulebruksplanen i møte 21. februar i år.

Ved inngangen av denne økonomiplanperioden, 2012 – 2015, har Tysnes kommune store finansielle utfordringar. Det er fleire og samansette grunnar til dette. Ein ikkje uvesentleg grunn ligg i folketalsutviklinga. Tysnes kommune har som mange andre distriktskommunar hatt ein tendens til å flata ut og til dels gå ned i folketal gjennom ein del år. Folketalet pr. 01.07.11 var 2.765 – ein nedgang på 5 personar samanlikna med same dato i 2010. I og med at den statlege rammefinansieringa av kommunal sektor i stor grad byggjer på den demografiske samansetjinga av folketalet i kommunane, er ei utflating negativt i forhold til økonomien. Dette vert forsterka ved at folketalsutviklinga i landet generelt er den største på fleire tiår. I Tysnes har utviklinga av talet på elevar i grunnskulen falle relativt radikalt dei seinare åra. Dette gjev heller store negative finansielle utslag grunna den nasjonale stykkprisfinansieringa av grunnskulen.

Med tilvising til dei utfordringane kommunen står føre vart Reksteren skule mellombels lagt ned frå 1. august 2011. Her kom og kombinasjonen med svært lågt elevtal inn. – Som det går fram av det som alt er nemnt vart det i 2011 arbeidd med ulike andre struktur- og rasjonaliseringstiltak; herunder interkommunale samarbeidsprosjekt.

Skulebruksplanen vart først handsama av kommunestyret i junimøtet 2011. Det vart sett fram krav om lovlegkontroll av vedtaket med heimel i kommunelova § 59. Dette enda opp med at fleirtalet i kommunestyret i neste møte vedtok at vedtaket om skulebruksplan i møtet i juni var ugyldig, og dei bad om at saka skulle gå attende til kommunestyret for ny handsaming. – Skulebruksplanen kom med visse justeringar til ny handsaming i kommunestyret i februar i år. Det vart då vedteke å leggja ned Lunde skule.

Det vil uansett ta tid å få drifta i balanse. Rådmannen har derfor blant anna uttykt i det alt nemnde strategi-/drøftingsnotatet av 10.01.12 at det frå hans side vil verta lagt vekt på at kommunestyret får nytta 2012 til å utarbeida styringsstrategiar og fremja tiltaksplanar som gjev eit driftsbudsjett som genererer overskot innan utgangen av inneverande økonomiplanperiode.

Kommunestyret vedtok i desembermøtet at kommunestyrerepresentantane og utvalsmedlemene skal få lese Brett i 2012. Dette vil vera ein del av IKT – utviklinga i organisasjonen.

Vidareutbygging av det store byggjefeltet i Vågsmarka kom i gang som byggjesteget VI mot slutten 2010. Det nye byggjefeltet var klart for tomtosal midtårs 2011.

Ny vegutløysing til Vågsmarka kom godt i gang i 2010 og vart ferdigstilt i 2011. Finansiering vert løyst i eit samspel mellom Statens vegvesen, kommunen og kompensasjonsmidlar (Hordaland fylkeskommune).

I 2011 vart det sett i gang utbetring av den kommunale dampskipskaia i Våge. Arbeidet inneber blant anna ei vriding og lenging av kaifronten – dette som følgje av det arbeidet Statens vegvesen gjorde mot slutten av 2010 med ferjeledden/kaia i Våge. Vølearbeidet skal finansierast av Statens vegvesen og Tysnes kommune. Dette tiltaket vil verta slutført i vår.

Dei største investeringstiltaka etter økonomiplanen – nytt omsorgssenter og ny sentralbarnehage – har av mangslungne grunnar ikkje kome til igangsetjing. Kommunestyret har rett nok gjort vedtak om at det nye omsorgssenteret skal lokaliserast i Uggdal. Likevel på andre sida av fylkesvegen i høve der eksisterande sjukeheim ligg. Me har inngått opsjonsavtale med grunneigar. Før sjølve senteret kan nærare planleggjast og prosjekterast må blant anna det arealmessige klarerast gjennom både kommuneplanen og ein reguleringsplan. Me må óg ha med oss inn i prosjektet realitetane i samhandlingsreforma. – Den endelege sentralbarnehageløysinga må pr. i dag kunna seiast å vera uavklart. Me reknar med at det vert ”funne” ei barnehageløysing i løpet av denne våren.

Kommunestyret vedtok i 2010 at kommunen skulle eiga og stå som byggherre for kunstgrasbane på Reiso. Anlegget skulle finansierast med kommunale midlar, tilskot og dugnadsinnsats frå Njardar/Tysnes, og det skulle vera medverknad frå næringslivet og med spelemidlar. Kommunen skulle etter vedtaket gå inn med inntil 1 mill kr i prosjektet, samt ta mellomfinansieringa av spelemidlar. I søknaden var totalkostnaden med prosjektet sett til ca 8,2 mill kr. – Kunstgrasbanen vart bygt i meldingsåret og han vart offisielt opna i mars i år.

Kommunestyret gjorde eit liknande vedtak i 2011 i høve søknad frå Onarheim Idrettslag om nytt skianlegg ved Løkjén nær Solheimsdalen. På vedtakstidspunktet hadde alt idrettslaget fått tilsegn om kr 544.000,- i spelemidlar. Utifrå dei føreliggjande opplysningane vil prosjektet totalt ha ein kostnad på nær 2 mill kr. – Skianlegget er planlagt ferdigstilt i 2012.

I 2011 hadde me fleire statlege tilsyn. Arbeidstilsynet hadde tilsyn 4. januar. Fokuset var på omstillingar i verksemda, tilsette sin medverknad i HMS-arbeidet, bedriftshelsetenesta og status i planar for utbetring av skule og barnehage. – 16. og 17. mars var det tilsyn frå fylkesmannen si beredskapsavdeling. – Dei ulike statlege tilsyna kjem relativt hyppig og gjev ein del til organisasjonen. Tilsyna krev samstundes ikkje ubetydeleg frå det administrative apparatet.

I 2011 fekk kontrollutvalt blant anna utarbeidd forvaltingsrevisjonsrapport for legetenesta. Kommunestyret hadde saka føre i sak 29/11, der tilrådingane frå kontrollutvalet vart følgde opp.

I 2011 vart det arbeid godt og aktivt med kommuneplanen sin arealdel. Saka vil koma til endeleg handsaming i kommunestyret våren 2012. Likeså vil kommunen sin planstrategi for inneverande kommunestyreperiode koma til handsaming i år. Planstrategi er eit nytt verktøy i

plan- og bygningslova. Føremålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør starta eller vidareføra for å leggja til rette for ei ønskt utvikling. I 2011 har det vidare vorte arbeidd med ein del større reguleringsplanar som Onarheim sentrum, Våge sentrum og "Kroken". – I forhold til den framtidige planlegginga i strandsona både her i Tysnes og i resten av Sunnhordland, er det å vona at me saman når fram til ei "lukkeleg løysing". Kommunestyret hadde føre "Interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland" i septembermøtet i fjor, og det vart vedteke at Tysnes skulle delta i Samarbeidsrådet sitt arbeid med utarbeiding av planprogram for strandsonoplan for Sunnhordland. I dei nye planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona, som kom 25. mars 2011, er heile Sunnhordland plassert i kategori tre; kommunar med mindre arealpress. Etne og Kvinnherad er plassert permanent i kategori tre, medan resten av Sunnhordlandskommunane er plasserte i kategori tre i ein prøveperiode. Retningslinene held fram at Sunnhordland er ein pilotregion i høve til strandsoneforvaltning, og at plasseringa i kategori tre skal vurderast på ny i 2014.

Kommunestyret vedtok i sitt første møte i 2011 både klima- og energiplan og bibliotekplan.

I maimøtet vedtok kommunestyret å rullera den ruspolitiske handlingsplanen. Den første planen vart vedteken i år 2000, og han vart "minirullert" i 2007. Planen var til høyring i februar/mars i år, og han vil koma til handsaming i vår.

Byggjeaktiviteten i kommunen har vore bra i 2011. Tendensen med bygging for sal og utleige har halde fram, og det ser heldigvis ut til å vera kundar for begge objekta. – Kapasiteten på landbruk- og teknisk etat har variert noko gjennom meldingsåret.

Næringslivet har gått rimeleg bra i 2011. – I framtidsperspektivet ser me framleis etter dei aktivitetane som bør koma på det flotte næringsområdet i Nedrevåge! Kva framtidsperspektiv me skal leggja inn på Heningen, etter at kommunestyret i 2011 selde denne eigedomen til Fronta A/S, kan i skrivande stund vera litt vanskeleg å uttrykka. Signala så langt peikar rette vegen! Windsor står tydelegvis støtt! - Det er vidare gledeleg både med den utbygginga som har funne stad på Haaheim Gaard og med dei prisane som etablisementet har vorte tildelt! Det same må kunna seiast om den reetableringa som i vår står ferdig til bruk på Laukhamar Fritid.

Kommunestyret gav i september 2011 høyringsuttale til KVU E39 Aksdal – Bergen. Her støtta kommunestyret den tilrådinga som var gjort frå konseptutvalet med dei to hovudalternativa for ferjefri veg over Tysnes; den midtre lina over Reksteren og den indre lina via Fusa. Også for den midtre lina føresette kommunestyret at Langenuen vert kryssa i sør. Uavhengig av kva line som til slutt vert valt, føresette kommunestyret at kyststamvegen E39 over Tysnes vert prioritert i NTP i perioden 2014 – 2023.

I 2011 var det kontaktar/møte/synfaringar med fylkeskommunen/vegvesenet med ulike siktemål. Blant anna mykje dårleg vegdekke/asfalt og ferdiggjering på strekninga Nedrevåge – Vattedal, Holmalia, utbygging av den offentlege kaien i Våge, skuleskyss/hurtigbåtruta Våge – Reksteren – Os, direktebuss via Haukeland til Bergen sentrum, m.v. –I 2011 vart det lagt relativt sett svært mange km med ny asfalt her i kommunen, og det vil vonleg skje ytterlegare oppgraderingar i år.

Etter anbudskonkurranse inngjekk kommunane Bømlo, Stord og Tysnes tidleg i 2011 avtale med Bergen Energi om kraftkjøp. Stord kommune er vertskommune for ordninga og direkte kunde på kraftbørsen. Det er inngått internavtalar mellom kommunane.

Økonomi

Driftsresultatet

I budsjett 2011 var det føresett å bruke kr. 3.684.832 av fondsmidler – 700.000 av desse skulle hentast frå fond skjønsmidler barnehage - for at budsjettet skulle balansere. Rekneskapen for 2011 er avslutta i balanse med bruk av kr. 378.284 av desse fondsmidlane. Rekneskapen syner såleis eit positivt avvik i høve budsjett på litt over 3,3 mill.

Året starta med at fylkesmannen i sine kommentarar til budsjett 2011 peika på at Tysnes kommune hadde budsjettert 1,3 mill. for mykje i inntekter på rammetilskot og skatt. Dette hadde samanheng med at folketalet pr. 01.01.2011 var redusert i Tysnes i høve til året før.

Med budsjettert fondsbruk pluss nye tal på inntektsida så kunne det sjå ut til at Tysnes kommune i 2011 ville kome ut med 5 mill. meir i utgifter enn inntekter.

Positive avvik

Skatt/rammetilskot

Skatteinngangen både i Tysnes og på landsbasis vart i 2011 betre enn det sentrale styresmakter venta. Dette førte til at sum rammetilskot og skatt vart litt høgare enn det kommunen budsjetterte med.

Renteinntekt

Det er eit stort positivt avvik på renteinntekt - kr. 1,35 mill. Avviket skuldast mindre aktivitet/utbetalingar på investeringssida enn det ein hadde planlagt. Vidare vart næringsbygget på Heningen seld for kr 6 mill. i september, noko som og gav betre likviditet og ekstra renteinntekter. Tysnes kommune fekk utbetalt kr. 723.000 - av i alt 2,5 mill.- i statlege midlar til kunstgrasbanen på Reiso allereie i 2011. Denne utbetalinga kom tidlegare enn rekna med.

Renteutgifter

Rentenivået auka ikkje så mykje som venta i 2011. Renteutgiftene syner eit positivt avvik på kr. 258.000. I 2011 er det inngått avtalar om rentebinding på mange lån.

Renteutgiftene i 2010 var kr. 3,906 mill mot 4,657 mill. i 2011. Budsjett 2011 4,915 mill..

Negative avvik

AFP og reguleringspremie

I arbeidet med budsjett for 2011 var prognosar for avsetningar til AFP/reguleringspremie i KLP og midlar til å gje etatane kompensasjon for lønsoppgjeret eit sentralt tema. Det blei avsett totalt kr. 3,8 mill. Ein million var budsjettert til AFP føremål.

Utgifter til AFP inkl. arb.gj.avg.	kr.	916.000
Reguleringspremie	kr.	5.452.000
– tilbakeført overskot frå KLP	kr.	1.828.000
+ Arb.gj.avgift	kr.	511.000
Sum utgifter reguleringspremie	kr.	4.135.000

Seniortiltak for 20 tilsette kosta kommunen ca. kr. 420 i 2011.

Totale utgifter AFP/reguleringspremie utgjer soleis kr. 5,47 mill (4.135.000+916.000+420.000) mot budsjettet 3,8 mill. Det var ikkje rom for å gje etatane kompensasjon for lønsauken i 2011.

Det er i 2011 eit positivt premieavvik på kr. 701.000. Utgiftsført amortisert premieavvik (premieavvik frå tidlegare år) kr. 620.000

Akkumulerte premieavvik for Tysnes kommune utgjer no kr. 7 millioner. Desse skal utgiftsførast dei neste 10 åra – tidlegare var det utgiftsføring fordelt over 15 år.

Sentraladministrasjonen

Problemstillinga over kjem fram under ansvar 1180 «Felles IT og kontingentar m.a. KS». avviket utgjer nærmare kr.1,2 mill. Dette er hovudårsaka til at sentraladministrasjonen i 2011 kjem ut med eit underskot. Det er elles utgiftsført kr. 238.000 på næringsbygget på Heningen som ikkje var budsjettet.

Helse og Sosialetaten

Helse og sosialetaten kjem ut med eit negativt avvik på kr. 1,96 mill. i høve regulert budsjett. Det var tidleg i 2011 varsla at lønsbudsjettet mellom anna på Tysnes sjukeheim var for lågt. Det vart meldt at etaten ville gå med ca. kr. 1 mill i underskot. Etaten har ikkje fått kompensert lønsauken. Statstilskotet for ressurskrevjande brukarar vart kr. 342.000 lågare enn budsjett.

Oppvekstetaten

Oppvekstetaten har kr. 1,3 mill. i mindre forbruk enn revidert budsjett. I budsjettet var det føresett bruk av fond på kr. 700.000. Dette fondet er ikkje brukt. Det reelle avviket utgjer soleis ca. kr. 2 mill. Utgiftene til skulebruksplanen er utgiftsført i rekneskap 2011 – desse var ikkje med i budsjettet. Det er store skilnader frå eitt ansvarsområde til eitt anna i oppvekstetaten sitt budsjett. Rådmannen vil i framtida ha fokus på dei ansvarsområda kor etaten har store negative avvik.

Hovudårsaka til det positive avviket på etaten ligg på ansvar 2420 «Vaksenopplæring». Avviket er på kr. 958.000 på vaksenopplæring/opplæring framandspråklege.

Landbruk og teknisk etat

Etaten kjem ut med eit positivt avvik på nær kr. 2,3 mill i forhold til revidert budsjett. Dette skuldast m.a. stillingar som har stått ledige og det er gjennomført mindre vedlikehald på kommunale bygg, vegar og anlegg enn planlagt.

HOVUDTAL

Inntektsutvikling dei siste åra - tal i heile 1000

	2011	2010	2009
Skatt	55.379	56.445	54.948
Rammetilskot	92.986*	77.702	73.365
Momskomp. inv	2.531	1.925	454
Renteref.skule	728	600	762
Renteref.sjukeh	976	963	1.216
Eigedomsskatt	5.076	4.898	5.081
Sum	157.676	142.533	139.437

* Det er kr. 1 mill. i skjønstilskot frå fylkesmannen i dette talet – gjeld ulovlege bygg. Det er avsett kr. 1 mill. på fond til dette formålet.

Den store auken i rammetilskot skuldast at tilskot barnehagar - som tidlegare var øyremerkt tilskot - frå 2011 er lagt inn i rammetilskotet. Omlegginga utgjer nærare 10 mill.

Lønsutgifter

Totale lønsutgifter i 2011 utgjer kr. 146.9 mill. Av dett er 0,5 mill. lønsutgifter på investeringsrekneskapen.

Lønsutgifter i perioden 2007 – 2011:

År:	Lønskostnader	I % av driftsutgifter
2007:	117,2	75,9
2008:	126,8	74,1
2009:	135,5	73,3
2010:	138,7	71,2
2011:	146,4	72,5

I 2010 vart det nytta innleigd hjelp for kr. 3,2 mill.

I 2011 er tilsvarande beløp kr. 3,1 mill.

Lån og avdrag på lån

Lånegjelda er ved utgangen av 2011 på kr. 136 millionar.

Det er i 2011 teke opp eit husbanklån til vidare utlån på kr. 4 mill. Det er betalt avdrag på lån på til saman kr. 7,957 mill. Lånegjelda er redusert.

Ved utgangen av året er 79,2 mill av låna avtalt med bunde rente, dvs 58,2 % av den totale lånemassen har rentebinding med forskjellige bindingstider.

Skatt/rammetilskot frå staten

Det var budsjettert med kr. 146,8 mill. Etter meldinga om nedgang i folketalet pr. 1. januar 2011 var det venta ein reduksjon på 1,3 mill. Rekneskapen syner imidlertid at kommunen fekk kr. 565.000 meir enn opphavleg budsjett (det er då korrigert for 1 mill. i skjønsmidlar).

Eigedomsskatt

Det er inntektsført kr. 76.000 meir enn det budsjetterte som var på 5 mill.

Andre generelle statstilskot

Rekneskapen syner ei inntekt på kr. 2.865.000 mot kr. 2.458.000 i budsjett.

Inntekter frå brukarbetaling

Inntektene frå foreldrebetaling i barnehagar og SFO er kr. 3,1 mill. Eigenbetaling for institusjonsopp-hald og heimehjelp utgjer ei inntekt på kr. 5,0 mill..

Andre sals- og leigeinntekter

Inntektene her er oppmålingsgebyr, byggesaksgebyr, eigenbetaling hjå lækjar, husleige og avgiftspliktige gebyr for feiing, kloakk / slamtøming og renovasjon.

Både på oppmåling og byggesak er det inntektsført eit beløp som tilsvare budsjett. Husleigeinntekta er ca. kr. 230.000 meir enn budsjettert.

Sum avgiftspliktige gebyr syner eit positivt avvik på kr. 150.000. Det positive avviket er på kloakk/slamtømming. Renovasjonsinntekta er litt lågare enn budsjett.

Oppsummering

Rekneskapen for 2011 er avslutta i balanse med bruk av ca. kr. 380.00 av disposisjonsfond. Samanlikna med budsjett viser rekneskapen eit positivt avvik på ca. kr. 3,3 mill.

2011 – rekneskapen hadde positive avvik på skatt / rammetilskot, renteinntekter og renteutgifter. Det største negative avviket kom på «samleposten» på hovudkapittel 1.1, under ansvar 1.180. Her er samla venta utgifter som ligg i reguleringspremie KLP, AFP og seniortiltak, samt kompensasjon til etatane for lønsoppgjeret det aktuelle året. Å rekna seg fram til det «rette» eller endelege totaltalet på denne underposten, er svært så krevjande, ja, nærast umogleg. Det er såpass mange «ukjente faktorar» i eit slikt oppsett at det ikkje let seg gjera å treffa «blink». Denne posten vart overskriden med kr. 1,67 mill utan at det vart gjeve kompensasjon for lønsauken i 2011. På hovudkapittel 1.1, sentraladministrasjonen, herunder politisk styring og kontroll, var overskridinga på «samleposten» hovudgrunnen til at dette kapitlet kjem ut med eit underskot.

Hovudkappittel 1.2, oppvekstetaten, kjem ut med kr. 1,3 mill. i mindre forbruk enn i revidert budsjett. Som alt nemnt var det reelle positive avviket på ca. kr. 2 mill. Hovudgrunnen til det gode resultatet ligg med nær kr. 1 mill. på underpost for vaksenopplæring/opplæring av framandspråklege.

Det er grunn til å understreka at det er store skilnader i oppvekstetaten frå eitt ansvarsområde til eitt anna. Dei to største skulane våre betydeleg meirforbruk, medan dei tre minste kjem ut på rette side. Barnehagane slit me å halde budsjetttrammene. Rådmannen vil ha fokus på dei ansvarsområda som har dei største negative avvika.

Hovudkapittel 1.3, helse- og sosial, har eit negativt avvik på kr. 1,96 mill i forhold til regulert budsjett 2011. Her ligg ulike tilhøve, som mellom anna ei underbudsjettering på lønsbudsjettet, og at tilskotet til ressurskrevjande brukarar vart kr. 342.000 lågare enn føresett i budsjettet.

Hovudkapittel 1.4, landbruk og teknisk, kjem som me har sett ut med eit positivt avvik på nær 2.3 mill kr. i forhold til revidert budsjett. Hovudgrunnane til dette er i hovudtrekk stillingar som har stått ledige på grunn av det ikkje har lukkast med å tilsetja i dei – dette har igjen resultert i at det har vorte gjort mindre planlagt vedlikehald på kommunale bygg, vegar og anlegg.

Det økonomiske resultatet med eit positivt budsjettavvik på ca. kr. 3,3 mill gjer at Tysnes kommune oppnår litt meir tid på omstille seg til ein kvardag med eit driftsnivå med ein lang lågare ressurstilgang enn dagen.

Rådmannen vil takke alle tilsette i Tysnes kommune for god og målretta innsats i 2011, og ser fram til eit godt samarbeid for å utvikle verksemda og arbeidsplassen vår til beste for innbyggjarane i Tysnes kommune.

Tysnes rådmannskontor, 11. mai 2012

Roy-Sverre Amundsen
rådmann

Knut Hollekim
økonomisjef

1. Årsrapport for sektorane

2.1 Sentraladministrasjonen

2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis å vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret.

2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2007	2008	2009	2010	2011
Kommunestyre	104	62	59	73	96
Formannskap	109	133	115	130	91
Administrasjonsutval	12	15	15	18	6
Klagenemnd	-	-	-	-	-
Andre	43	22	22	188	104

2.1.3 Økonomisk resultat

Det vert vist til tala som er lagde fram her i årsmeldinga, samt til rekneskapen for 2011.

2.1.4 Oppnådde resultat

Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane er me stadig på jakt etter betre og enklare måtar å løysa oppgåvene våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Dei ulike føresetnadene endrar seg rimeleg raskt, og me må til ei kvar tid vurderer kva nivå me bør vera på for å gje gode nok servicetilbod.

Ein kommune er ein mangslungen organisasjon som har ansvaret for å få utført ei rekkje ulike oppgåver og funksjonar. – Det kan til tider vera vanskeleg å sjå for alle oss tilsette at me arbeider i same verksemda.

Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. – Me har likevel med oss at me vil måtta føreta eit stort kontrollarbeid i høve bygg og anlegg som kan vera oppførte/tilrettelagde utan løyve. Førebuingane til dette er godt i gang.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

Me har alt under innleiinga nemnt at nytt omsorgssenter og ny sentralbarnehage av mangslungne grunnar ikkje har kome til realisering. Både kommunestyret og administrasjonen er kjende med at det i desse sakene har vore både fornminnerelaterte arealdisponeringshindringar, automatisk freda kulturminne, meir ordinære arealavklåringar og andre forhold som har seinka prosessane i desse to konkrete sakene.

Rådmannen har i skriv 6. april 2011 informert både kommunestyret og sekretariatet for kontrollutvalet om at kommunestyresak 21/10, prosjekt innan selskapskontroll – eigarskapsforvaltning, av kapasitetsgrunnar dessverre ikkje har vorte følgt opp.

VAL

I 2011 var det kommunestyre- og fylkestingsval. Dette inneber ikkje ubetydeleg meirarbeid for rådmannskontoret.

IT

Innan IT har det vore ei rekkje endringar i 2011. I juni tok me i bruk eit nytt økonomisystem, etter at leverandøren av det gamle systemet ikkje lengre ville vedlikehalda det. Det har vore ein omfattande prosess å få dette i drift. Det vart også arbeidd med førebuingar opp mot innføring av nytt løns- og personalsystem frå 01.01.12. Mot slutten av 2011 vedtok kommunen også å gå for oppgradering av saksystemet og innføring av lese Brett for politikarar i 2012.

I tillegg fekk me i 2011 e-resept for legekantoret. Dette inneber elektronisk overføring av reseptar via helsenett til apotek. Ordninga med e-resept er det staten som har avgjort at alle skal ha. At reseptar no skal gå via elektronisk kommunikasjon, gjer oss også meir sårbare.

Personal

Arbeidsmiljøutvalet hadde 1 møte og 8 saker til handsaming i 2011.

I samband med at det var mellomoppgjer i 2010 vart det ikkje ført lokale lønsforhandlingar for kap 4.a.1 i siste år. Oppgjeret i kap. 5.2 vart gjennomført utan brotsmekling og hadde ein klar profil i høve til prioritering av tekniske fag. Prioriteringa speglar dei rekrutteringsvanskar me har hatt i samband med generasjonsskifte ved landbruk- og teknisk etat.

Generelt er det ein utfordrande situasjon med omsyn til rekruttering av kvalifisert personell på fleire område i den kommunale verksemda, forutan dei utfordringane me har ved landbruk- og teknisk etat er det naturleg særleg å trekkja fram rekruttering av førskulelærarar, sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Når det gjeld sistnemnde gruppe ser me med ei viss uro på at stadig færre går frå vidaregåande skule til lærekontrakt.

Det vart teikna ny IA avtale for verksemda med verknad frå 2011, den nye IA avtalen er i hovudssak lik tidlegare avtale. Den største endringa på området er dei generelle reglane for oppfølging av sjukmeldte som tredde i kraft frå sommaren 2011. Dei nye reglane legg endå større vekt på tidleg dialog.

Sjukefråværet gjekk opp samanlikna med siste år og endte totalt på 8,29 % for heile verksemda. Det er store variasjonar i verksemda, fråværet er klart høgast innanfor barnehageområdet. Nær 80 % av det samla fråværet vårt er framleis knytt til langtidsfråvær utover 56 dagar.

Det har elles vore eit fokus på omstillingsarbeid førre år. Reksteren skule vart lagt ned med verknad frå oppstarten av skuleåret 2011 – 2012. Ved bustader for pu i Uggdal vart det endringar i tenestetilbod som førte til overtal. Omstillingane vart gjennomført utan oppseiingar av fast tilsette. Det har elles vore fokus på endringar mellom anna i samband med vurdering av interkommunale løysingar på ulike fagområde, dette er tilhøve som kjem opp til vedtak i 2012. Organisasjonsutvikling på rådhuset vert å sjå i ljøs av nytt økonomisystem, nytt løns- og personalsystem samt nytt sak- og arkivsystem, prosjektarbeidet her vil gå vidare i 2012. Det er naturleg også å nemna arbeidet med skulebruksplanen i denne konteksten. Økonomiske tilhøve tilseier ein vesentleg høgare endringstakt i åra som kjem for å få balanse i drifta.

I 2011 vart internkontrollhandboka revidert på område knytt til rutinar for involvering av vernetenesta, særskilt med fokus på endrings- og omstillingsprosessar i verksemda. Me ser føre oss ei styrking av vernetenesta sin posisjon i samhandlinga og ser fram til eit godt samarbeid med hovudverneombod i den samanhengen.

Likestilling

I Tysnes kommune er 83 % av dei tilsette kvinner. Antall årsverk utført av kvinner utgjer 78,5 %. Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner er 63 %, tilsvarande er stillingsstorleik for menn 83,6 %. Nokre svært små stillingskomponentar, mellom anna knytt til helgearbeid, trekker gjennomsnittleg stillingsstorleik mykje ned.

På avdelingar med meir enn 5 tilsette utgjer kvinnelege leiarar 75 %. Kvinner er framleis ikkje representert i administrativ toppleing.

Korrigert for stillingstype og stillingsbrøk har menn og kvinner lik løn i Tysnes kommune per 2011. Det er likevel ulikskapar knytt til ulike stillingar, det er også fleire kvinner enn menn som opplever uønska deltid. Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil såleis verka til å minska skilnader i løn.

Etterrekruttering av kvinner synest å vera betre enn tilsvarande for menn. Per i dag er ca 19 % av kvinnelege tilsette over 60 år, medan tilsvarande tal for menn er ca 42 %.

Sjukefråvær for kvinner i 2010 var 8,4 % medan det var 7,9 % for menn. Sjukefråvær mellom kvinner er redusert med 0,1 % i 2011 samanlikna med 2010, medan fråværet mellom menn har hatt ein vesentleg auke på 2,4 %.

Innkjøp

Me har frå 1996 hatt ei interkommunal innkjøpsordning med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Kommunane har etablert eit samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune.

Det vert stadig større fokus på offentlege innkjøp med omsyn til regelverk, innsyn etc. Dette krev at innkjøpa i den enkelte kommune fungerer etter intensjonane i lovverket. Alle kommunale innkjøp skal i utgangspunktet konkurransesettast.

Kommunane har vedteke felles innkjøpsstrategi og har felles innkjøpsrettleiar. Dette har gjort samarbeidet over kommunegrensene enklare.

Dei siste par åra har Innkjøpsforumet blant anna arbeidd med utviklingsprosjekt for sams innkjøpsbase og for elektronisk handel.

Innkjøps samarbeidet har etterkvart gjort oss dyktigare på innkjøp. Og det er liten tvil om at me gjennom dette samarbeidet har oppnådd innsparingar me elles ikkje hadde oppnådd.

For nærare detaljer viser me til årsmelding frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum.

Eigedomsskatt

Tysnes kommunestyre gjorde i september 2008 prinsippvedtak om å innføra eigedomsskatt i heile kommunen frå 01.01.09. I budsjettmøtet i desember 2008 vart det vedteke at eigedomsskatten skulle vera 2 promille.

Kommunestyret har så langt ikkje auka eigedomsskatten.

Beredskap

I 2011 vart det gjennomført ei øving knytt til scenario med straumutfall og rasjonering. I førebuinga til øvinga hadde kommunen delteke på fleire kurs og seminar knytt til problemstillinga, både i regi av IFER og i regi av fylkesmannen. Øvinga viser at me må arbeida vidare for å få på plass ein plan for området.

Tysnes kommune tok i 2011 også i bruk systemet DSB CIM som verktøy for handsaming av kriser. Systemet er stilt til rådvelde av fylkesmannen og er eit felles system for kommunar og fylkesmann.

Våren 2011 vart det ført tilsyn med kommunen sitt arbeid for samfunnstryggleik og beredskap. Det vart gjeve tre merknader og ingen avvik i samband med tilsynet. Fylkesmannen meinte at kommunen sine ROS analysar i arealplanssamanheng var mangelfulle. Dette tilhøve er teke tak i i samband med arbeidet med kommuneplanen. Det er mellom anna vedteken ny metode og akseptkriterium for ROS analyse i arealplanssamanheng. Fylkesmannen peikar også på at arbeid med beredskap må få større merksemd i organisasjonen og at det må gjerast ei kartlegging og systematisering av kompetansen kommunen har innanfor fagområdet.

Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

Tiltak som i planen var knytt til arealforvaltning er fylgt opp gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, planen er ikkje kome til vedtak endå, men er under avklaring.

Kommunen har p.t. ikkje sertifisert eiga verksemd i samsvar med føresegnene for miljøfyr-tårnverksemder, men det er positivt at private verksemder arbeider med sertifisering i samsvar med desse.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen og det vil verta sett i verk fleire endringar som inneber overgang til elektroniske løysingar i 2012. Som døme kan me nemna elektronisk utsending til politiske møte, elektronisk handsaming av fakturaer, lønsslippar og e-handel.

I saksførebuingar knytt til den fysiske strukturen i kommunen si verksemd er moment knytt til klima og energi handsama særskilt. Tilsvarande er det lagt inn føresetnader for energiøkonomisering i vurdering av rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.

Totalt sett har klima og energiperspektivet vorte tydelegare i Tysnes kommune, samstundes står mykje att før me når måla som ligg til grunn i klima og energiplanen.

Arealplanar

Etter eit grundig administrativt og politisk arbeid med framlegg til ny arealdel i kommuneplanen, vart han sendt på høyring i september. Likevel kom det motsegn til om lag ein tredjedel av dei 67 nye arealplanen inneheld. Kommunen er no i dialog med fylkesmannen og fylkeskommunen for å få oppheva flest mogleg av motsegnene, og tek sikte på å få godkjent arealdelen i løpet av våren 2012.

Reguleringsplan for Våge sentrum og Onarheim sentrum har vore arbeidd med parallelt med kommuneplanen, og vil vera klar for vidare handsaming når kommuneplanen er godkjent.

Gjennom samarbeidsrådet for Sunnhordland deltek kommunen i ein interkommunal strandoneplan for Sunnhordland. Når denne er godkjent skal den vera grunnlag for å ta opp igjen nye strandonevurderingar i kommuneplansamheng.

I samarbeid med Stord kommune har framlegg til kommunedelplan for fastsamband til Huglo vore på høyring. Kommunane arbeider no for å få oppheva motsegner frå fylkesmannen og fylkeskommunen.

Reguleringsplan for "Krokjen" i Våge har vore arbeidd med i løpet av året. Også her med motsegn frå fylkesmannen, men ein tek likevel sikte på å få han godkjent i løpet av 1. halvår i 2012.

Økonomikontor

Økonomikontoret har ansvar for kommunen sine økonomifunksjonar; herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering m.m.

Økonomikontoret i samarbeid med rådmannskontoret og andre stod ved inngangen til 2011 føre eit stort "løft" med innføring av nytt økonomisystem frå midtårs 2011, og nytt løns- og personalsystem frå 01.01.12. – Jobben er no gjort. Det er likevel ikkje uvesentlege oppfølgingsoppgåver som føl i "kjølvatnet" av såpass store og tunge omleggingar.

Flyktning/innvandring

Kommunen har i 2011 ikkje fått førespurnad frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) om å busetja flyktningar. Me har ansvar for innvandrarak som kjem til kommunen med oppfølging, registrering og vedtak i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).

Kultur

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, planarbeid og koordinering.

Barne- og ungdomsarbeid

Tysnes ungdomsråd har jamlege møte, ulike aktivitetar og driv ungdomsklubb i Våge. Me har sekretærfunksjon i ungdomsrådet.

Kulturformidling

Kommunen har leigeavtale med Årbakka Handelsstad om bruk av parkeringsareal, gangveg og kaiområdet m.v. Kommunen har i tillegg høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år. Avtalen kan reforhandlast kvart 3. år. Handelsstaden fekk i tillegg eit tilskot til drift for sommersesongen.

Stine Larsen fekk stønad til utgjeving av debutalbum.

Lag og organisasjonar får stønad til ulike tiltak og underskotsgaranti i samband med arrangement.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Onarheim fekk stønad i samband med 50-års jubileum.

Spelemidlar vart tildelt Reiso kunstgrasbane.

Kommunen gjorde vedtak om å stå som eigar og byggherre for skianlegget Løkjen i Solheimsdalen og samarbeida med Onarheim idrettslag om byggjing, drift og vedlikehald.

Arbeidet med revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv bør starta.

Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland vart rullert.

Generelt kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte:
Rentestønad, oppstartingstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga.

Tysnesfest fekk direkte tilskot til marknadsføring. Oppdal ungdomslag fekk driftstilskot til Grendatun kino og Tysnes lydlag til innkjøp av scenetak.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

I 2011 deltok kommunen med 3 arrangement under Kystsogeveke.

Me har delteke på reiselivsmesse og vore representerte i styringsgruppa for reiseliv i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Vidare har me koordinatorarbeid for Kystsogeveke og kulturarbeidsgruppa.

Fellesbrosjyra for Sunnhordland vart oppdatert. Revidering og oppdatering av Tysnesguide må gjennomførast.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

Kulturvern

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad.

Kulturminna treng jamleg skjøtsel og vedlikehald og tilrettelegging for publikum. Parkeringsplass i Uggdalsdalen må følgjast opp etter at saka er ferdig handsama hos Statens vegvesen.

Det vart gjeve tilskot til restaurering av Hope kyrkjegard.

Tysneshallen

Drifta har vore tilnærma kopi av tidlegare år. Treningstida har vore fullt utnytta på kveldstid, og det har også vore trening etter skuletid dei dagane det ikkje vert vaska. Det er i det heile svært gledeleg å sjå den store treningsiveren blant dei aktive.

Styrkerommet kan nyttast meir, og det same gjeld bowlinga, sjølv om det i 2011 var ein liten auke begge stader.

Seniordansen kvar onsdag er eit høgdepunkt i veka for mange. Rundt 40 personar kosar seg i lag. Det er trening og sosialt samvær.

Økonomisk gjekk det bra. Dei førebels tala viser eit overskot rundt kr.40.000 som vert lagt til fondet. Av eit tilskot over kommunebudsjettet på kr. 340 000 betaler styret «tilbake» kr.

265 000 for vask og vaktmeistertjenester. Særleg straumutgiftene tyngjer drifta. Dei har auka svært mykje dei siste åra.

Me vil igjen gje ros til dei som har ansvar for skuletimane og treningane. Dei tek ansvar, og difor slepp me unna utgifter pga hærverk. Også den vanlege brukar tek omsyn og gjer at me kan presentera ein flott hall som me er stolte av.

Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2011 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held dessutan ope på dagtid to dagar i veka då det også vert gjort kontorarbeid. I tillegg er det sett av fem timar i veka til indre arbeid.

Utlånet var på totalt 6592 bøker og andre medium mot 7225 året før - altså ein mindre nedgang, slik det gjerne vert år om anna. Men ein skal ikkje berre døma aktiviteten ved biblioteket etter utlånstala. Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetjenester, arrangement osv. Den totale bruken av biblioteket har dei siste åra stadig gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala fortsatt vil auka som følgje av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein viktig "miljøfaktor" i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange, både vaksne og unge. Også om sommaren frå juni til august har biblioteket spelt ei viktig rolle som servicetilbod for feriegjestar og reisande som vitjar Tysnes.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. Tysnes folkebibliotek har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med dei sju andre biblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har heldt fram i 2011 med gode resultat, med fylkesbiblioteket som ein viktig samarbeidspartner. Det lokalhistoriske aspektet har som tidlegare vore ei hovudsatsing også i 2011, i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med tanke på å gjera den lokalhistoriske biletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er ein likevel avhengig av eksterne midlar til ei slik drift.

Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd. I 2011 vart det vedteke ein ny bibliotekplan for kommunen, der det vert vist til nye satsingsområde og peika ut ein vidare kurs for drifta. Dette arbeidet vil halda fram i 2012, med m.a. ei fornying og oppgradering av både drift og inventar, for å gjera biblioteket endå meir attraktivt som eit kommunalt servicetilbod.

Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

I samarbeid med lokale lag vart me med i prosjektet "Vandring Hordaland" der utvalte turløyper skal merkast og graderast etter nasjonal standard. I "Vandring Tysnes" vert om lag 20 løyper merka. Prosjektet vårt vart tildelt midlar frå Gjensidige Stiftelsen/Hordaland fylkeskommune. Arbeidet er godt i gang og bør følgjast opp med nye tiltak i 2012.

2.1.5 Samla vurdering

Rådmannskontoret har også i 2011 vorte drive med reduserte ressursar . – Økonomikontoret har gjennom året fått høve til å nytta ein del ekstraressursar i form av innleigd hjelp og overtid. Grunnane til dette ligg i dei store utfordringane som har lagt i innføringa av nytt økonomisystem og nytt løns- og personalsystem.

For sentraladministrasjonen vil tida framover i 2012 måtta prioriterast – forutan til dei ordinære driftsoppgåvene – til slutføringa av kommuneplanarbeidet og til utarbeiding av kommunen sin planstrategi for inneverande kommunestyreperiode, til vidare harmonisering og justering i dei nye økonomi-, løns- og peronalsystema, til oppfølging av OU – rådhuset og andre strukturar. Som ein del av IKT – utviklinga i organisasjonen vert det lagt til rette for oppgraderte/nyare datatekniske sakssystem – herunder tilrettelegging av lese Brett for politikarane. Me vil og stå føre utfordringar innan innkjøp med nye e-handel- og e-faktura-system. Budsjettstyring, kostnadsreduserande tiltak, internkontroll og kompetanseoppbygging vil vera andre sentrale arbeidsområde.

2.2 Undervisning

2.2.1 Organisasjon

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2011 vore:

- ◆ grunnskulane m/sfo
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa

Grunnskulen

Ved utgangen av 2011 har kommunen 4 skular, 2 med elevar på 1.- 6. klassesteget, 1 med elevar på 1.- 4. klassesteget og 1 med elevar på 5.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2011/12 var det totalt 321 elevar i grunnskulane i Tysnes, 213 på barnesteget og 108 på ungdomsteget.

43 elevar gjekk ut av 10. klasse våren 2011, og 26 elevar tok til i 1.klasse hausten 2011.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 11	haust 12	haust 13	haust 14	haust 15	haust 16
Lunde skule	17	19	20	22	17	23
Onarheim skule	22	19	18	16	18	23
Tysnes skule	88	68	62	68	73	60
Uggdal skule	86	83	76	69	71	78
Sum barneskulane	213	189	182	180	179	184
Ungdomsskulen	108	119	118	102	82	85
SUM:	321	307	300	275	261	269

Barnehagen

Ved utgangen av 2011 hadde 118 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjør 86 % av alle barn i førskulealder (f. 2006 – 2011).

Det er 43 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 60 born i kommunen. (71,7 %)

I aldersgruppa 3-5 år er det 75 born i barnehage (av totalt 76). (98,7 %)

Dekningsgrad	2007	2008	2009	2010	2011
Under 3 år	60 %	60 %	67,3%	73 %	71,7 %
Over 3 år	99 %	99 %	99 %	97 %	98,7 %
Totalt	84 %	84 %	87,9%	86 %	87,4 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste seks åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Lunde	3	4	5	3	6	3
Onarheim	3	2	4	3	6	3
Reksteren	0	0	0	0	1	1
Tysnes	8	9	13	14	12	14
Uggdal	11	7	5	9	6	7
SUM	25	22	27	29	31	28

Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt 32 personer på ca. 26.6 årsverk.

2.2.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Oppvekst/omsorg	8	12	15	33	28	28	23
Kommunestyret	3	3	3	8	0	8	3

Når et gjeld oppfølging og effektivering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnaden.

2.2.3 Økonomisk resultat

Oppvekstetaten har kr. 1,3 mill. i mindre forbruk enn revidert budsjett. I budsjettet var det føresett bruk av fond på kr. 700.000. Dette fondet er ikkje brukt. Det reelle avviket utgjer soleis ca. kr. 2 mill. Utgiftene til skulebruksplanen er utgiftsført i rekneskap 2011 – desse var ikkje med i budsjettet. Det er store skilnader frå eitt ansvarsområde til eitt anna i oppvekstetaten sitt budsjett. Rådmannen vil i framtida ha fokus på dei ansvarsområda kor etaten har store negative avvik.

Hovudårsaka til det positive avviket på etaten ligg på ansvar 2420 «Vaksenopplæring». Avviket er på kr. 958.000 på vaksenopplæring/opplæring framandspråklege.

2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

Etaten utarbeidde i løpet av 2008 ein ny strategiplan for utvikling av skular og barnehagar i kommunen. Planen vart vedteke i oppvekst/omsorg og i kommunestyret, og har vore retningsgjevande for utviklingsarbeidet dei seinare åra. I skrivande stund er denne planen under revisjon, og ny plan vil vera klår i løpet av våren 2012.

Særleg viktig er satsinga på den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. Resultata på dei nasjonale prøvene syner at me er på rett veg sjølv om det framleis er mykje å jobba med.

I lesing på 5. steg ligg vi på landsgjennomsnittet, medan resultata i rekning ligg klårt under landsgjennomsnittet: 1,7 mot 2,0. Resultata i rekning på 8. og 9. steg er noko betre, men heller ikkje her når elevane våre opp på landsgjennomsnittet.

Oppvekstsjefen har tidlegare kommentert at ein skal vera varsame med å leggja for mykje i desse testane. Resultata vil variera frå år til år, og det er først over lengre tid at ein vil kunne sjå klåre tendensar i utviklinga. Det er likevel klårt at det er mykje å jobba med.

2.2.5. Fråver

Sjuefråver	2007	2008	2009	2010	2011
Skular	4,3 %	3,9 %	4,9 %	5,4 %	5,0 %
Barnehagar	8,1 %	4,5 %	9,1 %	13,2 %	13,7 %
Totalt	5,2 %	4,0 %	6,9 %	9,3 %	7,0 %

Sjuefråver er noko som kostar det norske samfunnet milliardbeløp kvart einaste år sjølv om Tysnes kommune tradisjonelt sett har kome svært godt ut på statistikkane.

I samband med etter måten høge tal for barnehagesektoren i 2007 vart det sett i gong eit delprosjekt innafør kvalitetskommuneprogrammet for å jobba med å få ned sjuefråveret i barnehagane. Vi kunne notera ein klår nedgong i 2008, men etter det har det berre gått feil veg. Også på skulesektoren har sjuefråveret auka, men 5,0 % i 2011 er likevel ei lita nedgong samanlikna med året før. Etaten vil ha fokus på dette i året som kjem sjølv om ein ikkje kjem spesielt dårleg ut i landsmålestokk.

Grunnskulen

Den vedtekne strategiplanen for utvikling av skular og barnehagar har vore styrande for utviklinga også det siste året. Det er meininga at denne planen skal justerast og rullerast kvart år før ny plan vert vedteke ved utgongen av fireårs-perioden. Dette betyr at ny plan er under utarbeiding og vil vera klår i løpet av våren 2012.

Det er særleg grunn til å framheva satsinga på grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Dette prosjektet starta opp hausten 2008 og har vorte utvida etter kvart til det no omfattar alle elevane i kommunen på 1.-7. klassesteg. Ei rekke lærarar har blitt kursa og det er oppretta nettverk der dei same lærarane kan møtast jamnleg til erfaringsutveksling. Hovudfokuset er no retta inn mot den såkalla SOL-modellen der bokstavane står for systematisk opplæring i lesing. Og nettopp systematikken i dette opplegget er det som først og fremst skil det frå andre gode tiltak på dette området.

På sikt må ein kunne forventa at resultata også vil gjenspegla denne satsinga.

Det er likevel arbeidet med ny skulebruksplan som vart det mest omfattande prosjektet for etaten i 2011. Etter at politisk vedtak var gjort vart arbeidet organisert med utval for oppvekst/omsorg som styringsgruppe og ei arbeidsgruppe beståande av oppvekstsjef (leiar), landbruk/teknisk sjef, ass. rådmann, ein rektor, ein representant for foreldra samt ein representant for organisasjonane. Samarbeidspartnar i prosjektet var Norconsult. Planen var oppe til politisk handsaming våren 2011, og det vart fatta vedtak der alt. 2b i planen vart vedteke som framtidig skulestruktur i kommunen. Dette vedtaket vart imidlertid oppheva av det nye kommunestyret etter valet. (Nytt vedtak vart gjort i februar 2012)

- *Digital kompetanse.*

Driftssituasjonen for skulen sin datapark har vore stabil og robust både i elev og lærarnett. Vi har ikkje opplevd store avvik.

Onarheim skule fekk installert trådløst nett over heile skulen. I nettet er det tre ulike og fråskilte nett, lærar, elev og publikum. Nettet dekkar heile skulen og berbare maskiner kan brukast i alle rom. Dette gjev ei robust og driftssikker løysing. Prosjektet drog noko ut i tid og vart meir teknisk komplisert enn skissert og vart ikkje ferdigstilt før i juni månad. Dette gjekk ikkje ut over kostnadane. På Tysnes skule vart det skifta ut berbare elevmaskiner og mot slutten av året også nokre faste elevmaskiner. Skulane ønskjer å bruke interaktive tavler. Vi har kjøpt varierende tal Smartboard til alle skulane.

Opplæringslova § 13-10 påleggjer skuleeigar å ha eit forsvarleg system for å vurdera om, og følgja opp at skuleeigar etterlever lovverket. I den samanheng har vi hausten 2011 hatt eit dataprogram frå Moava til utprøving på Tysnes skule. Røynslene så langt er gode, og systemet vil bli teken i bruk ved alle skulane og barnehagane i løpet av første halvår 2012.

Uggdal, Lunde og Onarheim skule har sertifisert lærarar og fått tilgang til diagnostiseringsverktøyet Logos. Tysnes skule har teke i bruke diagnose og planverktøyet Kartleggeren. Kulturskulen og vaksenopplæringa har fått heimesider. Nye tilsette pedagogar i barnehagane har gjennomgått opplæringspakka LIKT. I haust vart det gamle telefonsystemet på Uggdal skule skifta ut med mobiltelefonar. Vi har òg starta arbeidet med å lage ny plan for digital kompetanse i skular og barnehagar.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det vart sist utarbeidd ein handlingsplan for kompetanseutvikling i skule og barnehagar i Tysnes i 2010. Ein slik plan gav tidlegare grunnlag for utbetaling at tilskott frå stat og fylke. Etter dette har ein imidlertid innført ein ny vidareutdanningsreform i skuleverket der kostnadene vert delte mellom stat, kommune og den einskilde lærar. I 2011 var denne fordelinga slik: 40 – 40 – 20. Tysnes kommune har i 2011 hatt 2 lærarar med på dette opplegget. Dei tok vidareutdanning i henholdsvis Logopedi og Spansk. Det er verd å merka seg at denne fordelingsnøkkelene er endra frå og med hausten 2012. Då vil staten gå inn med 50 % medan kommunen og den einskilde lærar skal bidra med 25 % kvar. Det er grunn til å tru at dette vil verka positivt inn på kommunane si satsing når det gjeld vidareutdanning då kostnadene no vert monaleg mindre. Med den sterke konkurransen det no er om kvalifiserte lærarar er det viktig at Tysnes kommune tek del i denne satsinga. Det er etter måten mange lærarar som fell for aldersgrensa dei neste fem åra.

- *Skulevurdering*

Sidan hausten 2004 har Tysnes kommune vore med i eit regionalt samarbeid for å ivareta § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering. Samtlege skular har i åra etter vore vurdert fleire gonger med Tysnes skule som den føreløpig siste skulen vinteren 2011.

Diverre har ein no på regionsniva vald å avslutta dette opplegget som har vist seg å fungera godt sett med tysnesauge. Ei eller anna form for vurdering må ein imidlertid få på plass for å oppfylle krava i lova.

- *Spesialundervisning.*

Omfanget av spesialundervisning etter enkeltvedtak i skulane i Tysnes ligg høgare enn landsgjennomsnittet. Totalt fekk 37 elevar slik undervisning i 2011 noko som er 3 færre elevar enn i 2010. Dette utgjer 11,5 % av elevmassen medan landsgjennomsnittet ligg på 8,2 %. Det er grunn til bekymring over den store andelen av elevar som får spesialundervisning, og oppvekstsjefen har ein dialog med rektorar og PPT for å sjå om det er mogeleg å redusera dette talet.

Elles vert alle individuelle opplæringsplanar (IOP) no handsama i SAMPRO. Dermed oppfyller kommunen no krava til sikker arkivering på dette området.

- *Klagesaker.*

Etaten har hatt ei klagesak i 2011, ei sak som òg var innom Fylkesmannen. Saka gjaldt klage på standpunktkarakter i faget kunst & handverk. Den klagande part fekk ikkje medhald i denne saka.

Tilsyn

Oppvekstetaten har ikkje vore utsett for tilsyn frå Fylkesmannen i 2011. Siste tilsyn var hausten 2010 og nytt tilsyn vart gjennomført i januar 2012.

Kommunen har imidlertid gjennomført tilsyn i Vågsmarka barnehage. Med på tilsynet var ass. rådmann Steinar Dalland, konsulent Marit Sæløen og barnehagekonsulent i Os kommune Irene Ullensvang. Det vart ikkje avdekka avvik i dette tilsynet. Barnehagerettleiar Lena Sløgedal har på si side representert kommunen under tilsyn i Os kommune.

Skulefritidsordning

- *Målsetjing: Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular.*

I 2011 har det vore skulefritidstilbod ved alle skulane i kommunen, utanom Tysnes.

Ved utgangen av året var det 42 elevar i kommunen som nytta seg av SFO-tilbodet. Dette utgjer ca. 37 % av elevane i småskulen noko som er ein oppgong på 4 % frå året før.

Kulturskulen

Undervisning

Kulturskulen har skuleåret 2011/2012 82 elevar (pr. 1.oktober 2011).

Desse er fordelt på:

-piano	21 elevar
-gitar / bassgitar	18 elevar
-messing/aspirant	14 elevar
-slagverk	2 elevar
-Teater	22 elevar
-TV/Media	4 elevar
-Song	2 elevar

Tenester

Kulturskulen sel dirigent/instruktør/slagverk-timar til:

- kor 5 timar Tysnes kammerkor
- korps 19 timar Onarheim musikklag, Tysnes musikklag, Tysnes skulekorps
- grunnskule 2 timar

I grunnskuletimane er det undervisning på :

- Uggdal skule (skulekor og kornettklasse)
- Onarheim skule (kornettklasse, eigen lærarressurs)
- Lunde skule (kornettklasse, eigen lærarressurs)

Dette betyr at kulturskulen møter om lag 110 elevar i grunnskulen kvar veke.

Totalt møter personell frå kulturskulen om lag 250 personar kvar veke

Personell

Kulturskulen har om lag 2 heile stillingar fordelt på 8 personar.

Rapport for kulturskulen

Viser til rapporten som vart lagt fram i 2010. Eit utval la i 2010 fram ein rapport om kulturskulen, der ein konkluderte med at kulturskulen treng eige lokale. Det har førebels ikkje vore framdrift i desse planane.

Måloppnåing

Måla for aktiviteten/undervisningstilboda oppnådd.

Måla for arbeidsmiljø/lokaler er ikkje nådd. Det er difor vanskeleg og av og til umogleg å driva forsvarleg. **Samarbeid og framdrift er ikkje lett utan lokaler.**

Jubileum

Kulturskulen vart 25 år i 2011. Det vart halde jubileumsmarkering i Tysneshallen 12.november. Alle elevane deltok. Det var ulike innslag, og gjestar var Elvira Nikolaisen, John Nikolaisen, og Tron Jensen.

Økonomi

Det har vore god kontroll på kostnadene i 2011, og det ser ut som om området kjem ut i balanse.

Vaksenopplæring

- *Tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarak*

Det har vore stor aktivitet, men få personar som har fått opplæring etter introduksjonsordninga i 2011. I alt har 3 personar fått slik opplæring, og i tillegg til dette har det vore gjeve undervisning for arbeidsinnvandrarak. Her har ca 25 personar vore innom i kortare eller lengre tid.

I hausthalvåret vart òg arbeidet med ei ny heimeside for vaksenopplæringa sett i gong. Arbeidet med denne sida vil bli fullført våren 2012.

Rekneskapan for 2011 er enno ikkje klår, men innafør området vaksenopplæring ser ein ut til å gå med overskott då innkomne tilskott er større enn budsjettert.

Barnehage

Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane. Det er særleg grunn til å peika på det arbeidet som har vore gjort innafør prosjekt leselyst og skriveglede, og som no har bunna ut i satsingsområdet Bravo som er eit språkutviklingsprogram utarbeidd for barnehagane. Sjølv om barnehagane ikkje driv direkte lese og skrive opplæring, er det grunnlaget som vert lagt på dette området i barnehagen svært viktig med tanke på korleis borna vil utvikla seg i åra etterpå. No er det fastlagt årlege kartleggingar av barns språk i førskulealder. Elles har også barnehagen no sitt SOL-prosjekt. Her står bokstavane for systematisk observasjon av læring. Opplegget er ein del av satsinga på språkopplæring i barnehagen.

Dette barnehageåret har vi ikkje hatt kvalifiserte førskulelærarar i alle pedagogstillingane. Til saman har kommunen måtte gje fire dispensasjonar.

- *Kapasitet.*

Dei siste åra har tala på barn som har søkt plass i barnehagane i Tysnes vore større enn kapasiteten. Dette har som kjent medført oppretting av midlertidige plassar på Stjernereiso. Hausten 2011 måtte kapasiteten her utvidast med ei ny avdeling. Då har vi strekt strikken så langt det lar seg gjera her, og det er ikkje meir å gå på.

Kva vi skal gjera hausten 2012 då trongen for barnehageplassar vert ytterlegare auka, er ikkje avgjort. Det er for tida mange utfordringar knytta til drift av barnehagane grunna auke i talet på små born. Mange tilsette opplever dette som ein heilt ny barnehagekvardag som er utfordrande å takla.

- *Vurdering av barnehagestrukturen i kommunen.*

Heller ikkje i 2011 fekk vi ei avklåring med omsyn til framtidig barnehagestruktur i kommunen. Det er inga grunn til å leggja skjul på at usikkerheita rundt dette påverkar personalet i barnehagane som kvart år strekkjer seg lengre for å få på plass nye midlertidige løysingar. I påvente av at ny barnehage skal byggjast er det heller ikkje gjort noko for å imøtekomma arbeidstilsynet sine krav i høve til barnehagane på Myklestad, i Lunde og i Vågsmarka. Særleg situasjonen på Myklestad er av ein slik art at det hastar med å finna nye løysingar.

- *Plan for kompetanseutvikling.*

Det er utarbeidd plan for kompetanseutvikling i barnehagen. Denne planen vert rullert kvart år og gav grunnlag for utbetaling av kompetansemidlar i 2010. I 2011 fekk kommunen avslag på søknaden om kompetansemidlar til fleirkulturell pedagogikk/språkstimulering i barnehagen.

- *Utvikling av digital kompetanse i barnehagane.*

Alle pedagogane i barnehagane har no eigen bærbar maskin og har gjennomført opplæringsprogrammet LIKT. Alle avdelingar har òg ein stasjonær pc som borna får bruke i lag med vaksne. Problemet no er at det tekniske systemet på IKT-sida i påvente av ny barnehage ikkje vert oppgradert. Dermed slit ein med dårlege løysingar. Nytt av året er elles at Myklestad

barnehage har fått innstallert Smartboard-tavle. Her opnar det seg mange nye mogelegheiter om ein lærar seg å nytta dette verktøyet fullt ut.

- *Spesialundervisning.*

Det er ikkje til å leggja skjul på at behovet for spesialundervisning aukar også i barnehagane. Dette er eit viktig arbeid med tanke på at det er regjeringa si målsetjing å setja inn tiltak så tidleg som mogeleg. Dette året har 5 born hatt ”spesialundervisning” etter enkeltvedtak. I tillegg til dette har 2 born fått oppfølging av logoped i gruppe med nokre av dei borna som har enkeltvedtak. Ein må vera budde på at desse borna òg vil trenga vidare oppfølging når dei kjem i skulen. Eit born har òg oppfølging av ein assistent heile tida vedk. er i barnehagen.

2.2.5 Samandrag.

2011 har vore eit spanande år for oppvekstetaten der særleg arbeidet med ny skulebruksplan har vore i fokus. Etter ein hektisk arbeidsperiode i første halvår av 2011, fekk me som tidlegare nemnd eit politisk vedtak på forsommaren. Hensikten med å utarbeida planen var mel.a. å skapa ro og forutsigbarheit med omsyn til framtidig skulestruktur i kommunen. Samtidig som planen skulle danna grunnlag for ein berekraftig og økonomisk forsvarleg utvikling. Med omsyn til dei siste punkta kan ein ikkje seia å ha lukkast i første omgong ettersom det opphavslege vedtaket vart oppheva av det nye kommunestyret. Det er likevel oppvekstsjefen si meining at planen utgjer eit godt grunnlag for vidare utvikling av tysnesskulen.

Innføring av dataprogrammet 1310 og oppretting av ny heimeside for vaksenopplæringa er to andre viktige område som det vart jobba mykje med i 2011. Begge delar var påkrevd for å imøtekomma krava i opplæringslova.

Elles baud også 2011 på utfordringar med omsyn til å få plassert alle borna som har rett på barnehageplass. Situasjonen er på ingen måte haldbar over tid ettersom ein i dag har strekt grensene til det ytterste med omsyn til kva som er forsvarleg. Det som redda stoda i 2011 var oppretting av enno ei avdeling på Stjernereiso. Dette er imidlertid ei mellombels løysing, og lokala som barnehagen har tilhald i må tilbakeførast til skulen.

Meir enn nokon gong hastar det med å få eit vedtak om framtidig barnehagestruktur i kommunen.

Vidare må ein nok ein gong konstatere at arkivsystemet for inngåande og utgåande post i einingane, eller snarare mangelen på eit slikt system har ein ikkje fått gjort nok med i 2011 heller. Dette er eit arbeid som bør prioriterast i året som kjem.

Andre oppgåver som det er naudsynt å ha fokus på framover er å skaffa kulturskulen tenlege lokalar. Skal denne skulen utviklast i samsvar med det ein ynskjer, er dette heilt avgjerande.

På vedlikehaldssida er det forutan barnehagane, der stoda er svært foruroligande, Tysnes skule som har det største behovet. Her vil det tvinga seg fram endringar uavhengig av kva skulestruktur en vel å satsa på.

2.3 Helse- og sosial

2.3.1. Økonomisk resultat

Helse og sosialetaten kjem ut med eit negativt avvik på kr. 1,96 mill. i høve regulert budsjett. Det var tidleg i 2011 varsla at lønsbudsjettet mellom anna på Tysnes sjukeheim var for lågt. Det vart meldt at etaten ville gå med ca. kr. 1 mill i underskot. Etaten har ikkje fått kompensert lønsauken. Statstilskotet for ressurskrevjande brukarar vart kr. 342.000 lågare enn budsjett.

2.3.2 Utviklingstrekk i etaten

Plan og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2011:

- opplæringsplan i helse- og sosialetaten
- kompetanseløftet 2015 – tilskot til opplæring av personell i helse- og sosialetaten.
- verksemdsplan for helse- og sosialetaten i 2011
- Av og Til- prosjektet utan alkohol
- kommunar i dans med frivillig innsats
- rusprosjektet – ruskonsulent
- samarbeidsprosjekt om etisk kompetanse
- burettleiar/konsulent bustadsosialt arbeid – prosjektmidlar

Utfordringar i 2012 vil eg nemne:

- reguleringsplan og prosjektering av ny(tt) sjukeheim/omsorgssenter
- rekruttering av faglært arbeidskraft: sjukepleiarar, helsefagarbeidarar, barnevernspedagog/sosionom/jurist og vernepleiarar
- redusere innleige av fagpersonell gjennom vikarbyrå
- budsjettstyring/unngå underskot i 2012
- kostnadsreducerande tiltak
- vidare arbeid med kvalitetssystema
- kompetanseoppbygging
- Samhandlingsreforma

2.3.3. Helseavdelinga

Legekontor

Allment

[Tysnes Legekontor/Tysnes Legevakt.](#)

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønnspraksis, i motsetning til dei fleste stader i landet der det er privatpraktiserande allmennlegar med fastlegeavtale med kommunen. Dr. Waleed Brisam har hatt ynskje om privatisering, men dette har ikkje kommunen ynskt på å gå inn på, og Waleed har sagt opp stillinga pr. 1.2.2012.

Kommuneoverlegen ser det som viktig at allmennlegetenesta i Tysnes er samla i eitt kontor. Blandingsmodell mellom privat praksis og fastløn finst i mange kommunar, men vil krevja ein del for å koma inn til levelege avtalar om økonomisk oppgjerd.

Dei tre fastlegane har i alt 2310 på sine lister. Me har ein del på listene frå andre kommunar, men det er ein netto "lekkasje" på 450 pasientar, dei fleste til Os/Anna Aanesen).

Legekontoret har legevaktansvar for alle bebuarar og gjester i kommunen døgnet rundt, uavhengig av listetilknyping.

Legekontoret gjev akutt legehjelp og lab.service for sjukeheimen innan legekontoret si opningstid utan at det vert ført mellomrekneskap mellom legekontor og sjukeheim.

Bemanning

- 3 fastlegar, 1 turnuskandidat
- bioingeniør/kontorleiar, 100 % stilling, sjukepleiar 40 % stilling, helsesekretær 60% stilling, sjukepleiar 50% stilling.
- BHT kjøper 20 % legestilling, Tysnes Sjukeheim kjøper 20 %.

Legevakt

Tysnes har vald å halda på lokal legevakt. Ved sentralisert legevakt vil det vera Helse Fonna som blir pålagt ekstra transportkostnader for å koma til legevakt, så sentralisering kan bety innsparing for kommunen. Men legeberedskap lokalt vil bli svekka.

Dei tre faste legane pluss turnuskandidat deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. Frå 2008 er det gjort avtale mellom KS og DNLF om påslag på 25 % på timegodtgjering på vakt for vaktene når vaktbelastninga blir mindre enn 4-delt. Innleige av ferievikar om sumaren kan medføra at ein slepp slikt timetillegg.

Kommuneoverlegen har pga. alder ingen plikt til legevakt. Me har hatt litt eksterne vaktlegar, og Waleed har deltatt litt i helgevakter i den tid han har vore i permisjon. Tysnes dekker legevakt for Ølve og Hatlestrand, men Kvinnherad bidrar ikkje med lege.

- Legevaktsentralen er bemanna av spesialopplærte sjukepleiarar, den er lokalisert til Stord sjukehus, er felles for Tysnes/Stord/Fitjar/Bømlo, er lokalisert til Akutt Mottak på Stord sjukehus. Tenesta vert kjøpt frå Helse Fonna.
- Tysnes sitt legevaktnummer er no 53474000. (Ølve og Hatlestrand skal bruka Kvinnheradnummeret, slik at me på legevakt også kan få oppdrag frå Kvinnherad kommune sin legevaktsentral på Husnes).
- Legevaktbil Suzuki Swift 4WD. Ny jan 2011, leasingavtale. Gamal bil er seld.
- Me har prøvt å ha fagleg samarbeid/kursing i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Lovmessig er begge partar pålagt samhandling/samtrening og beredskapsplanlegging. Avvikla 2 dagars akutt kurs mai 2011 i regi av NLA
- Det er krevande vaktbelastning for legane med vakter utover fulle stillingar på dagtid. Det er ei bonusordning med 2 timar avspasering med løn for vakt natt før virkedag. Etter nye avtalar 1.7.2010. kan legen få 4 timar betalt fri på særleg belastande vakter. I sum blir det ein ekstrakostnad for kommunen med 5x52x 2timar for kommunen pr. år =520 timar pr. år, d.vs. ca 1/3 av eit legeårsverk. Denne kostnaden vert ikkje synleggjort i rekneskapet for kva lokal legevakt kostar.
- Spesielt i ferievekene om sumaren er vaktbelastninga svær, ettersom det i for eksempel i juli månad er anslagsvis 12-14000 personar i vaktområdet mot fastbefolkning knapt 3000.

Både legane si ferieavvikling, påslag på vaktgodtgjering er moment som gjer det heilt av-
gjerande med vikarinntak for lege om sumaren for å få dette til å gå rundt.

- Spesielt under Tysnesfest var det hektisk for vaktlege/ambulans. Det var i 2011 lagt opp til nedkorta vaktperiodar, og ein deltok i planlegging i lag med Tysnesfest. Tysnesfest hadde Jan Helge Dalland som "festlege" og i samarbeid med vaktlege hadde ein "feltlasarett" på Tysnes skule som var eit nødvendig tiltak under dei ekstraordinære forhold. Både antal personar under Tysnesfest og aktiviteteskarakter blant publikum tilseier auka behov for medisinsk assistanse (rus/skader). Ein samarbeider tett med arrangørar og politi under arrangementet.

Oppsummering

Det har vore eit arbeidsår på det jamne. Vi opplever å ha bra dugnadsånd på kontoret, og prøver vera bevisste på at me skal vera ein serviceinstans til tross for ein "uberekneleg materie" med akutte alvorlege problemstillingar der både personale og pasientar må prøva vera fleksible for å tilpassa "øyeblikkets behov".

For underteikna som skal prøva kombinera administrativt ansvar med å hiva seg rundt i akutt-situasjonar er dette eit løpande krysspress og ofte med ei kjensle at ein ikkje heilt strekk til i dei formelle administrative rutinar.

Det har vore drøfting om risiko/sårbarhet vedr det EDB-baserte legejournalssystemet. For å halda god nok beredskap på legevakt er det viktig at dette er oppe og går med kortast mulig avbrekk, må uansett vera operativt før neste morgon.

Like før nyttår vart Anita Midtun tilsett som fastlege etter Waleed, med oppstart i fast stilling 1.2.2012.

Fokus på fagleg oppdatering/prosedyreutvikling/internkontroll vil vera eit viktig emne i 2012, ikkje minst på bakgrunn av revisjonskontroll i regi av Deloitte i 2011.

Tysnes helsestasjon

Lokala til helsestasjonen

Me som jobbar på helsestasjonen har, sidan me flytta frå legekantoret, sett at lokala til helsestasjonen diverre ikkje er hensiktsmessige. Kontora er små/trange med tanke på at me skal undersøka motorikken til alle barn som kjem på kontroll. Me undersøker barnet på ei matte på golvet frå dei er 6 veker gamle og kvar mnd. etter dette til dei nærmar seg året. Me har ikkje plass nok til å rulle matte heilt ut, og det er nærast umogeleg å føta seg forsvarleg, spes. dersom begge foreldre og evt. sysken er med.

Helsestasjonen er pålagt å drive barselgrupper, men dette er vanskeleg utan eigna rom. I dag bruker me venterommet til helsestasjonen og stundom kommunestyresalen til barselgrupper. Dette resulterer i at me stengjer av venterommet for andre kundar, som må vente i gangen. Venterommet er dessutan for lite til 6-8 mødre/fedre m/baby.

Me synest det er uheldig at helsestasjonen ligg plassert på ein slik måte at det til tider er stor "trafikk" gjennom gangen forbi kontora/venterommet. Kundar som skal til psykisk helsete- neste, prestekontor, fysioterapeut og sist men ikkje minst personar som skal til møterommet,

går forbi heile dagen. Det er ikkje kjekt for føresette å bera dei halvnakne babyane sine ut i denne ”trafikken” når dei skal gå mellom venterom, helsesøsterkontor og legekontor.

Ammekyndig helsestasjon

Me har levert inn ammeprosedyre til Norsk kompetansesenter for amming for godkjenning. Dette er eit større prosjekt for å til slutt bli såkalla ”Ammekyndig helsestasjon”.

Individuell Plan, koordinator eller deltakar i plan

Helsestasjonen har vore aktivt med i arbeidet om å få ei koordinerande eining i kommunen. Begge helsesøstrene er koordinator –og deltakar i Individuelle planer.

Samarbeid fysioterapeut

Det har i mange år vore hyppig utskifting av kommunal fysioterapeut i vår kommune. Dette merker helsestasjonen godt. Fysioterapeut er ei lovpålagd teneste i helsestasjonen. Fysioterapeut skal driva førebyggjande arbeid bl.a. ved å ta kontroller av barn, delta på svangerskapskurs, delta på barselgrupper og delta i koordinerande eining. Det blir tyngre og tyngre for kvart år. Me brukar mykje tid på å bli kjent og setja dei inn i systemet. Dei vegrar seg og for å undersøkje barna, delta på undervisning og vera koordinator i Individuell Plan av di dei ikkje har erfaring med dette. Dette tappar helsestasjonen for tid og kvalitet.

Tankar om 2012

- Fortsetja å utarbeida prosedyrar og vera meir aktiv med å skriva avviksmeldingar.
- Fortsetja, og avslutte, arbeidet med ammekyndig helsestasjon.

Ergoterapitenesta

0,6 st. kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver: Brukararbeid: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel (hj.m.), ergonomiske tiltak m.m. Medlem av tverrfagleg Inntaks- og rehab.team, Demensteam og er ein del av Koordinerande eining. Kontaktperson for kommunen til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeider med HMS i kompliserte brukarsaker, med interkommunal Synsped. teneste på Stord m.fl. Er med i interkommunalt nettverk for ergoterapeutar (Fusa, Kvam, Kvinnherad).

Ressursutnytting/måloppnåing (tala i parentes gjeld for 2010): Tilvisingar: 86 (57) - 12 er overførte til 2012. Tilvisingane er fordelt ca slik: Frå lokalt helsepers. 32 (32), frå 2./3.line tenesta 8 (3), frå brukarar 31 (15), frå pårørande 15 (8). I tillegg enkelte oppdrag for BHT.

Ergoterapeuten har vore på 105 (123) heimebesøk, samt hatt brukarkontakt i form av oppmøte på kontoret, 20 (29). Møte/andre saker som er ordna på tlf./brev er ca 85 (55). Har sendt 55 (36) søknader og 49 (42) rekvisisjonar om hj.m. til HMS. (I tillegg kjem hj.m. bestilt av enkelte rekvirentar i kommunen, samt hj.m. søkt via skule og 2. og 3. linetenesta). Min.40 (25) service-rapportar til HMS på reparasjon av hj.m. Korttidsutlån/forskottering av hj.m. frå kommunalt lager på Tysnes Industri til om lag 75 (80) personar.

I 2011 var det utlevert 514 (667) hjelpemiddel frå HMS til 93 (96) brukarar i kommunen, til ein samla verdi av 1 579 629 (1 424 276) kr. Her er 443 (442) aktive hj.m.brukarar. Auka volum, større kompleksitet og meir koordinering i mange brukarsaker. Vidt spekter og stor kompleksitet på 60 % st. Med kronikarar er det ofte stadig noko på gang. I 2011 venteliste på opptil 6 mnd, men heile tida akutte saker som må takast på utsida av ventelista. Effektiv service og tenester frå Tysnes Industri (- mottaksstad for hj.m. frå HMS, lagerhald, køyring, montering/demontering, vedlikehald/reparasjon, reingjering m.m.) som er til uvurderleg hjelp for å ”tøya” ein liten ergoterapist. Ergo legg inn oversyn over kommunale hj.m. i Cosdoc.

”Kvardagsrehabilitering” med tilrettelegging, trening og tilpassing av hj.m. i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstige tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet og til at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim, på ein verdig måte. Dette kan også raskt gje utslag i reduserte krav til pleie/omsorgstenester og institusjonsplassar.

2.3.4. Sosialavdelinga

Sosial – og barneverntenesta

NAV sosialteneste er bemanna med eit årsverk frå kommunen si side.

Det har vore ein utfordrande situasjon personalmessig dette året. Det er slik at den kommunale stillinga i NAV er fordelt på 2 personar. Begge jobbar 50 % i NAV og 50% på Barnevern. Begge to har vore ute i svangerskapspermisjon deler av året.

Den personen som vart tilsett i det ledige vikariatet, slutta etter kort tid. No deler to personar det ledige vikariatet, slik at ein person jobbar 50 %, og den andre 25%. NAV sosialteneste manglar dermed 25 % av eit årsverk.

NAV sosialteneste har størstedelen av året hatt 5 deltakarar i det kommunale Kvalifiseringsprogrammet. Målet med dette programmet er å avklara om personane skal gå til arbeid eller trygd. 3 av deltakarane er gått over på statlege ytingar der målet er å koma i arbeid. NAV sosialteneste har lukkast med å få fleire personar over frå passive ytingar over på aktive ytingar. Dette har resultert i ein betydeleg reduksjon på sosialstønadbudsjettet. Reduksjonen er på om lag 36%.

Utgiftene på KVP programmet har då auka om lag tilsvarande.

NAV sosialteneste har også inneverande år opplevd ein auke i økonomisk rådgjeving. Dette er tidkrevjande saker, og krev forholdsvis mykje ressursar.

Barneverntenesta

Barneverntenesta har i 2011 hatt 2 årsverk. Grunna omsorgspermisjon/langtidssjukemelding har det vore vakansar i tenesta, 50% frå ultimo mai og 100% frå medio september til vikar vart tilsett i 100% stilling frå ca. 10. oktober.

Det har kome 50 nye uromeldingar i 2011, gjeldande 37 barn. I løpet av året vart det iverksett 142 tiltak for 36 barn. I tillegg har tenesta omfattande oppfølging i saker som går over mange år; barn som barnevernet har omsorga for, og barn som har omfattande hjelpetiltak, ofte til fylte 18 år, samt ettervernstiltak til fylte 23 år.

Barneverntenesta rår ikkje over personell som kan setjast inn som tiltak der det er behov, og får dermed større press på oppfølgingsarbeidet, eller arbeid med å ”leita opp” personar som kan påta seg tilfeldige/mellombelse oppdrag. Regjeringa si satsing på barnevernet har medført at Tysnes har fått styrka sin stab med 100 % stilling frå 2012, noko som vil betra tenestetilbodet.

2.3.5. Pleie-og omsorgsavdelinga

Tysnes sjukeheim

Innkjøp

Ny komfyr og ny tv B- fløy

Nytt Pc skap D- fløy

1 ny pasientseng

2 nye kvilestolar til daglegstova.

Diverse hjelpemidlar og medisinsk utstyr

Kompetanse

Eldreomsorgens ABC, utviklingsprogram gjennom sjølvstudium og Fagseminar, 14 deltakarar

Oppstart, ny gruppe Eldreomsorgens ABC, 18 nye deltakarar.

Avdelingsleiar, miljøeining deltatt i nettverk demens, og kommunalt demensteam.

Kurs ” Omsorg ved livets slutt” Verdighetssenteret, 2 deltakarar

1 sjukepleiar oppstart tverrfagleg vidareutdanning i Psykisk helsearbeid, ferdig våren 2012.

Oppstart prosjekt ”Etisk kompetanseheving” 2 seminar for prosjektgruppe, 2 kursdagar internt i verksemda.

Midlane til opplæring og kompetanseheving er så små at me har ikkje sett oss i stand til å oppnå måla våre innan dette viktige feltet.

Rekruttering fagpersonell

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore betre dette året. Dei fleste fagstillingane er tilsett personell i, men ein del fødsels- og omsorgspermisjonar gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå.

Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde me til saman 7 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser me at me oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

Store stillingsstorleikar (75 % og over) rekrutterer bra. Samstundes opplever me at me slit med å rekruttere i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane, samt i vikariat.

Rekruttering av kokekyndig personell er eit anna sårbart område. Me har ikkje greidd å tilsetje ny kokk med fagbrev etter at kokken slutta etter kort tid. Me nyttar for tida mellombelse løysingar med internt personell.

Å produsere varm mat kvar dag etter kok- server metoden gjer institusjonen og dei heimebuande som mottek varm mat sårbare m.o.t. fråvær ol. Ein kombinasjon av kok- kjøll metode ville ha sikra betre forsyning t.d. i helgene.

Legedekninga er god og stabil, og tilgangen til fysioterapi har vore god fram til siste del av året.

Me har ikkje hatt lærling i helsearbeidarfaget dette året.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår.

God organisering gjennom samla fagmiljø, god leing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møte utfordringane.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet gjennom året var ca 10,1 %.

Mange medarbeidarar saknar tettare oppfølging og tilbakemelding frå leiarane. Med ein arbeidstokk på 70 fast tilsette, og mange vikarar er dette ei stor utfordring med den leiartettleiken me har i dag.

Mange senioravtalar med tilsette, der me prøver å leggje til rette for å stå i arbeid ut over 62 år.

Mange arbeidstakarar med helsetilpassingar som inneber lettare arbeidsoppgåver. Positivt for dei det gjeld, men kan føre til auka sjukefråvær, auka belastning for øvrig personale, og vanskeleggjør å gå utan vikar ved fråvær.

Kvalitet

Me har arbeidd særleg med oppfølging av avvik og kultur for avviksregistrering dette året, og ser ei klar betring på det. Tilbakemeldingar frå brukarane er gode.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttids plassane til å trene opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Me hatt fullt belegg gjennom heile året, men likevel ikkje ventelister for dei som har behov for det.

Økonomi

Rekneskapan syner at sjukeheimen har overforbruk dette året og. Noko kan skuldast bruk av vikarbyrå, men utan denne bruken, ville me nok sett større forbruk på postane ferievikar, fast løn, overtid og ekstrahjelp.

Me vurderer heile tida strengt inntak av vikarar ved alle slags fråver. Senior- og helsemessige omsyn, og stor arbeidsmengd gjer at me oftare enn før likevel må ta inn vikar.

Me ser og at budsjetterte inntekter ikkje samsvarar heilt med resultatet.

Inneklima

Bygget er som før påpeikt i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette verkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. Me ser difor fram til at byggeprosjektet startar opp snarast, i samsvar med vedtak.

Generelt

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlighet, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar.

Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt.

Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane vi har til rådvelde.

Open omsorg

Tenesta er organisert som eit område, med hovudbase i Uggdal og ein base på Hovland. Det er ein leiar som organiserer tenesta, med heimhjelp, heimesjukepleie og tryggleiksalarmar.

Tilsette: ca 40 personar. Årsverk: ca 22.

Tenesta er med og gjer at brukarar kan bu lengst mogeleg i eigen heim. Ei utfordring innafor dette tenesteområde, er å gje godt nok tenestetilbod på kveldstid, i periodar er tenesta sprengt på den tida av døgnet. Pr. i dag er det 2 seinvakter som yt tenester på kveld i open omsorg i heile kommunen.

Fleire av brukarane mottek også natteneste frå nattpatruljen (nattevakt ved Tysnes sjukeheim), for å vere trygg i eigen heim.

Bebuarar i trygde- og omsorgsbustader ved Hovland bu- og omsorgssenter får dagleg levert varm middag frå Tysnes sjukeheim, tilkjørt av personell i open omsorg. På same ”rute” er det i tillegg dagleg levering av varm middag til andre brukarar i Våge, Lunde og Onarheim.

Tørrmat ordnar bebruarane sjølve, evt. med hjelp av personell.

Pleie- og omsorgstenesta vurderer at ein greier å yte ei forsvarleg teneste når det gjeld tilbod om hjelp med måltid til bebruarane i bustad.

Innføring av multidose til dei som treng hjelp med legemiddelhandsaming, har gjeve ei kvalitetsforbetring på denne delen av tenesta, og endra måte å bruke personellressursar på.

Tenesta avlastar brukar og legekontor ved at personell også utfører blodprøvetaking og andre prøvar, i eigen heim.

Økonomi

Personellressursar i open omsorg er samla, både heimehjelp og heimesjukepleie, og alle tilsette arbeider på tvers av tidlegare områdegrenser. Ein har stort sett greidd å halde seg innafor budsjetterte rammer innafor dette tenesteområde samla sett.

Innkjøp av utstyr

Projektor + pc for intern undervisning.

Arbeidstøy

Alle tilsette, heimehjelp og heimesjukepleie, har arbeidstøy frå Tysnes Industri.

Kompetanse

1 sjukepleiar vidareutdanning i psykisk helsearbeid, deltid 2 år, 60 studiepoeng, oppstart hausten 2010.

1 sjukepleiar vidareutdanning i kreftsjukepleie, deltid 2 år, 60 studiepoeng, oppstart hausten 2010.

1 sjukepleiar deltek på eldreomsorgens abc.

Deltaking etisk kompetanseheving, avdelingsleiar og 1 omsorgsarbeidar.

1 TAF-læling tok fagprøve juni 2011.

2 ordinære lærlingar starta opp, 2 år, f.o.m. hausten 2010.

Rekruttering

Fagstillingane i open omsorg er tilsett personell i. Det er mest utfordrande å rekruttere i småstillingar, t.d. helg og vikariat. Det har vore nytta personell frå vikarbyrå delar av året, i vikariat og ved ferieavvikling.

Arbeidsmiljø

Tilbakemeldingane er eit godt arbeidsmiljø innafor open omsorg. Ein har dagleg faste treff- og møtepunkt på base/kontor, og faste møter kvar tysdag.

Sjukefråvær gjennom året:

Open omsorg ca 9 %.

Totalt brukarar pr. 31.12.11:

Heimehjelp, heimesjukepleie, miljøteneste, bpa, omsorgsløn: 164

Tryggleiksalarmar: 62

Trygde- og omsorgsbustader

Trygdebustader: 12

Omsorgsbustader: 32

Bustader psykisk utviklingshemma: 11

Med fordel kunne ein hatt fleire tilrettelagde bustader å tilby, særleg nær omsorgsbasen i Uggdal.

Bustader p.u. Uggdal og Vågsmarka

Bustader pu Uggdal ansvar for 5 bebuarar i bustad og 1 i omsorgsbustad.

Bustader pu Vågsmarka ansvar for 6 bebuarar i bustad.

Situasjonen i begge bustadane har vore stabil i høve brukarane.

Det er 4 ekstra ressurskrevjande brukarar som har 1:1 personelloppfølging delar av døgnet.

Brukarane har vortne eldre, og hjelpeomfanget har auka.

Brukarane frå Uggdal har vore på Sydentur m/ personell til Kypros. I tillegg vert det tilrettelagt med følgje av brukarar til leir andre ferieturar. Brukarane betaler for meirutgifter til slike turar sjølv.

Tilsette

Bustader pu Uggdal: ca 12 årsverk, 30 personar.

Bustader pu Vågsmarka: ca 11 årsverk, 28 personar.

Personalet i begge bustadane er stort sett stabile. Det kan vere ei utfordring å rekruttere fagpersonale til ledige stillingar, samt generelt å dekke helgestillingar.

Sjukefråvær i pu bustadane gjennom året: 9,2 %

Det har vore ein del slitasje og sjukemelding i personalgruppa i begge bustadane.

I bustader pu Vågsmarka det relativt mange i øvre aldersskikt, og derav mykje slitasjeplager.

Tilsette med små born gjer seg også utslag i fråvær.

Økonomi

Det er meirforbruk utover budsjetterte rammer på tenestene innafor begge bustadane. Det vert stort sett teke inn vikar ved sjukefråvær, noko som utgjer årsak til meirkostnad. Ein må til tider også omrokkere for å oppretthalde forsvarlege vakter, det vert då å betale for forskjøvne vakter.

Det er mangel på bustader for psykisk utviklingshemma, særleg til nye yngre brukarar som skal flytte heimanfrå. Det er ei utfordring for kommunen å få tilrettelagt med nye bustader/bufellesskap for denne gruppa framover.

Dagsenteret pu

Dagsenteret har også dette året hatt aktivitetstilbod på tre stader. Det er på vedsentralen på Myklestad, MA-KA kafe og dagsenteret.

Personalsituasjonen: Me har totalt 3.18 stillingar fordelt på fem tilsette. Dette året gjekk ein av arbeidstakarane frå 100 % stilling til 80%. Dei resterande 20 % vart lagt til ei av dei andre

stillingane. Det har vore ei utfordring at leiaren har vore sjukemeld frå mai 2011 og ut året. Andre tilsette har teke ansvaret og dei har gjort ein framifrå god jobb.

Tenestemottakarar: 11 personar har nytta seg av dagsentertilbodet dette året. Alle som har søkt om plass har fått tilbod om det.

Miljø: Me har stort fokus på arbeidsmiljøet. Heller ikkje dette året har me hatt sjukefråvær relatert til arbeidsplassen. Dette året hadde me 10 personal/kafemøter.

Utført i 2011

- Dagsenteret organiserte den årlege turen til Stord, der dei fleste deltok på idrettsdagen.
- Sommar- og juleavslutninga valte me å ha på dagsenteret dette året, med gryterett og julegraut.
- Me har hatt eit godt samarbeid med bustadane og representantar frå Grendatun.
- På Myklestad er ”den nye” vedsentralen fedigstilt med eige isolert rom.
- På dagsenteret har me installert ny spesialdesigna dusj spesielt for ein brukar som har behov.
- Julemessa gjekk greitt.

Økonomi

Økonomien har vore tilfredsstillande. Me har også dette året gått med overskot. Kafeen er sjølvfinansiert og me har greidd utgiftene til husleige og utstyr som me treng.

Fokus framover

I 2012 går ei av våre ut i pensjonisttilveret. Hennar stilling vert delt opp og fordelt på andre, som då får auka opp sine stillingar. Dette vil medføra at me må omorganisera drifta både på dagsenteret og kafeen. Me vil heile tida ha brukarane i fokus for å få til eit best mogeleg tilbod ut frå dei rammene me har når det gjeld lokalitetar, personalressursar og økonomi.

Psykisk helsevern

Psykisk helseteneste

- Psykisk helseteneste for vaksne (over 18 år): 100 % + 50 % stilling som psykisk helsearbeidarar (sjukepleiarar)
- Psykisk helseteneste for barn og unge(under 18 år): 100 % stilling som psykisk helsearbeidar for barn og unge(barnevernspedagog)
- Den tilsette i stillinga som psykisk helsearbeidar for barn og unge fullførte vidareutdanninga i psykisk helsearbeid for barn og unge våren 2011 ved HSH – Stord. Tysnes kommune fekk tilskot til ”Tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid og tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge for høgskuleutdanna personell i kommunar og bydelar - Statsbudsjettet 2012 kap 764 post 60.”
- Assistent i 12 % stilling – knytt til Våge aktivitetssenter 1 dag for veka.
- Engasjement i ca 17 timar for veka retta mot ein brukar med spesielle behov.
- 6 vaksne brukarar har hatt støttekontakt tildelt over budsjett for psykisk helseteneste
- Leiar for psykisk helseteneste, 100 % stilling, har nytta 20 % av stillinga si til prosjektarbeidet i ”Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam” YSS. Dette er eit samhand-

lingsprosjekt mellom kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Tysnes, samt Stord DPS. Prosjektet vert støttest av Helsedirektoratet med 1 mill kvart år i 3 -5 år. Teamet jobbar aktivt oppsøkjande mot ei pasientgruppe som har store rus/psykiatri – vanskar.

- Aktivitetssenteret for psykiatriske brukarar har vore oppe to dagar for veka heile året. Det vert leigd lokale i Våge sentrum, betaler husleige, straum samt ISDN – telefonline.
- ”Sorggruppe for barn og unge som har mista ein dei er glad i”. Samarbeidsprosjekt mellom psykisk helseteneste og Den norske kyrkje, 10 – 12 samlingar gjennom heile året. Sorggruppa nyttar lokala til aktivitetssenteret i Våge.
- ”Natteravnarane” som Frivillighetssentralen Kontakten organiserer, nyttar og lokala til Aktivitetssenteret i Våge.
- TEBU – gruppa har hatt 2 møter i 2011.
- BU – gruppa (krisegruppa for barn og unge) har hatt 1 møte i 2011.
- Krisegruppa ved livskriser har vore samla og hatt oppfølging etter 1 ulykke i 2011.
- Liten aktivitet i brukarorganisasjonane i Sunnhordland i 2011. LEVE – Helse Fonna vart avslutta i 2011, og pårørande etter sjølv mord kan no knytta seg opp mot LEVE Hordaland.
- Ambulerande team ved Stord DPS (sett saman av psykiater og to psykisk helsearbeidarar) kom til Tysnes for rettleiing og pasientkonsultasjonar ca kvar 6. veke i 2011.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge har fått rettleiing i gruppe frå Åse Renolen, høgskulelektor m / vidareutdanning i rettleiing. Dei andre i gruppa har vore helsesøstrene og sosiallærer får Tysnes kommune.

Ressursutnytting

I psykisk helseteneste er det tilsett 2.6 årsverk fast. I tillegg kjem engasjement retta mot ein ressurskrevjande brukar tilsvarande ca.kr 125 000,-. Til tiltak som støttestkontakt for psykiatriske brukarar har det vore nytta ca. kr 140 000,-.

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 75 brukarar, av desse er ca 38 barn og unge under 18 år.

Ytre Sunnhordland samhandlingsteam har fylgt opp til saman 7 brukarar i Tysnes kommune i 2011.

2.4 Landbruk- og teknisk etat

Året 2011 har vore eit utfordrande år for etaten ikkje minst på personalsida. Erfarne og sentrale personar – avdelingsleiar for prosjekt og drift, og leiar for byggjesaksavdelinga - valgte å gå av med pensjon i løpet av året.

Om ikkje det var nok - har det vore ein stor utfordring å rekruttera nytt personell inn i dei nye ledige stillingane.

Når tilsette sluttar eller går av for aldersgrensa kan det vera naturleg å vurdere om organisasjonen fungerer optimalt. Det blei derfor nedsett ei arbeidsgruppe i slutten av 2010 som utpå vårparten 2011 kom med forslag til nokre mindre justeringar. Blant anna ved å foreslå å søka etter ein avdelingsleiar for Drift og vedlikehald som i hovudsak skulle ha fokus på oppgåver knytt til uteseksjonen, og ein avdelingsleiar for Plan og byggjesak. Sistnemnde med funksjon som nestleiar på etaten.

I ettertid har det synt seg - med dei kvalifikasjonar som er stilt - umogleg å rekruttera avdelingsleiar for Drift og vedlikehald. Denne stillinga er no sett på vent til fordel for å tilsetja ein prosjekt og byggjeleiar.

Nestleiar og avdelingsleiar Plan/byggjesak er no tilsett og byrjar i jobben 1. mai 2012.

Desse utfordringane, sett saman med sjukdom og vakant stilling i uteseksjonen, førte blant anna til at fleire planlagde driftstiltak ikkje vart gjennomførte i 2011. Investeringsprosjekta derimot klarde me stort sett å følgja opp.

Tenesteproduksjonen elles på etaten har vore god sjølv om me har mangla sakshandsamarkapasitet på byggjesak. Det kan nemnast at byggjesak klarar å handsama 1-trinnssøknader godt innafor kravet til handsamingstid på 12 veker.

På område for kart og oppmåling har me også klart å halda unna for auken i saksmengd som nesten har dobla seg frå året før. Dessverre har me likevel eit relativt stort tal saker som ligg - men også her klarer me å halda fristen for handsamingstid på maksimum 16 veker.

I tillegg til rekruttering og manglande kapasitet er det ein stor utfordring for etaten at fagmiljøet er relativt lite. Spesielt på landbruk der me har to sakshandsamarar på kvart sitt fagfelt. Etter som det i periodar er eit stort press med fristar for levering er me svært sårbare dersom sakshandsamarar av ulike grunnar som ferie og sjukdom ikkje er tilgjengeleg. Etaten arbeider derfor aktivt med å finne gode samarbeidspartar på desse områda. Slik det teiknar no vil me om dei endelege forhandlingane går bra inngå ein avtale med landbrukskontoret for Fusa, Samnanger og Os på dette tenesteområde

Det er pålagt L/T etat å gjennomføra vedtekne byggeprosjekt ss. utbygging av bustadfelt, veganlegg, kaianlegg og idrettsanlegg. Dette er eit område som me på tross av manglande kapasitet har klart å gjennomføra til rett tid.

Organisasjon

Etaten er organisert med landbruk og teknisk sjef som leiar for 5 fagområde: Jordbruk, - skogbruk og vilt, - brann og byggjesak, - kart og oppmåling, og - kommunalteknisk drift, bygg og eigedom.

Årsverk og tilsette - Stillingsheimlar

	Faktisk 2005	Faktisk 2006	Faktisk 2007	Faktisk 2008	Faktisk 2009	Faktisk 2010	Faktisk 2011
Adm.	1,05	1,20	1,20	1,10	1,100	1,100	1,100
Jordbruk	3,13	3,125	3,125	3,125	1,625*	1,625*	1,625*
Skogbruk og vilt	0,62	0,30	0,30*	0	0,50	0,50	0,50
Kart og oppmåling	1,90	1,90	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Brann og feiing	2,20	2,275	2,275	2,175	2,175	2,175	2,175
Byggesak	2,50	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30
Bygg og eigedom	3,85	3,85	3,85	3,85	2,85	2,85	2,85
						**	**
Tysneshallen	0,30	0,30	0,20	0,20	0,20	0,20	0,20
Drift av gravplassar	1,10	1,10	1,10	1,10	1,10	1,10	1,10
Veg	1,20	1,20	1,20	1,20	1,20	1,20	1,20
Vatn, avløp, renovasjon og slamtøming	1,65	1,65	1,65	1,65	1,65	1,65	1,65
Sum årsverk	19,5	19,20	19,20	18,70	16,70	16,70	16,70

* Den kommunale landbruksvikartenesta opphøyrd 2009, og 0,5% overført til skog og vilt.

** 1 stillingsheimel er i vakanse.

Økonomisk resultat

Etaten kjem ut med eit positivt avvik på nær kr. 2,3 mill i forhold til revidert budsjett. Dette skuldast m.a. stillingar som har stått ledige og det er gjennomført mindre vedlikehald på kommunale bygg, vegar og anlegg enn planlagt.

Kommunen har vedteke egne planar for:

Hovudplan for skogsvegar 1999.
Landbruksplan 2004
Oversiktsplan for skogbruket.
Hovudplan for vassforsyning 2000 – 2004
Risiko- og sårbarheitsplan
Hovudplan for avløp 2000 – 2005
Kommuneplan 2003 – 2015 (under rullering)
Avfallsplan for SIM 2000 - 2003
Trafikkrafikksikringsplan 2001 – 2004
Kystsoneplan

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar. Det er då viktig at det er felles forståing av planverket politisk og administrativt og at intensjonane i planverka vert følgt.

Kommunalteknisk drift

Rapport handlingsprogram/økonomiplan

Den verbale handlingsplanen i Kommuneplanen er ikkje rullert i 2010, med oppsetting av nye mål for 2011, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovudsak relatert til økonomiplanen.

Av dei store investeringsføremåla vart Bustadfelt Vågsmarka 6 i Våge ferdigstilt og lyst for sal i 2011. Ny tilkomst til Vågsmarka (Windsorkrysset) blei ferdigstilt. Ny Kunstgras bane på Reiso blei ferdigstilla og tatt i bruk. Utviding av rutebåtkaien i Våge blei påbyrja. Tiltaket er ein konsekvens av at auka bredde på den nye ferjelemmen. Tømmerkai Elsakervågen har stoppa opp grunna manglande tilbakemelding frå Vestskog. Tilstanden for kommune-/tømmerkaien på Flatråker har sterk negativ utvikling.

Nokre mindre tiltak vert først realisert og restfinansiert i 2012. Barnehageprosjektet og Sjukeheimprosjektet har ikkje landa "formelt" så det er på noverande tidspunkt ikkje råd å sei noko om oppstart på arbeid i marka.

Diverse prosjekt Enøk, klima og energiplan, Miljøfyrtårn

Kommunen har satt seg store mål innan desse områda og som må arbeidast inn i kommunen sine driftsoppgåver og investeringstiltak. Ved årskiftet 2012 trådde det i kraft ny forskrift om energimerking av bustader og yrkesbygg. Yrkesbygg over 1000 ² m² utformast og energiforsynast etter nye normer og drifta må visa at me ikkje bruker meir energi enn nødvendig og at energibruken vert klimanøytral så langt råd er.

Mål: Nye kommunale bygg må tilførast energi via geovarme eller andre energisparande løysingar.

Kommunale bygg

Felles internkontrolltiltak alle bygg

Innan brannsikring er det gjennomført årleg service inkludert internkontroll. Me har avtale med Antisimex om årleg tilsyn og bekjemping av skadedyr. Tysnes kraftlag har gjennomført tilsyn på nokre av bygga, utan at vesentlege manglar vart påvist.

Drift- og vedlikehaldstiltak på kommunale bygg er stort sett gjennomført etter planen i 2011. Nokre mindre tiltak samt rehabilitering av prestabustaden på Jensvoll er overført til budsjettet for 2012.

Grovt oversyn over gjennomførte driftsfinansierte tiltak i bygga i 2011

Skulebygg:

Lunde skule på begynt hel (tak/vegg) spyling av skule, rest arbeid blir utført i 2012.

Uggdal skule Mindre oppfølgings arbeid etter ombygging av skulen

Tysnes skule Det er montert ny port samt plassert stabbesteinar til å avgrense kjøring på område. Utskifting av defekte markingslys. Maling av en del klasserom i barneskulen og ungdomsskule.

Onarheim skule Her har det kun vore mindre oppfølgingsarbeid etter ombygging av skulen.

Barnehagebygg:

Vågsmarka barnehage Det er tilrettelagt med nytt barnevogn skur samt at arealet er grøfta ovanfor barnehagen Dette for å redusere overflatevatn i ute leikeområde.

Myklestad barnehage: For å ivareta brannsikkerheita er rømmingsveg frå 2 etg forbetra. Samtidig er alarmoverførings anlegget oppgradert.

Lunde barnehage: Her er brann alarmoverførings anlegg oppgradert. Det er montert nytt tak over inngangsdør. Bygget skulle også males i 2011 men tida strakk ikkje til for dette.

Sjukeheimen Her er brannalarmen tilknytt til 110 sentralen. Etter krav frå mattilsyn er det montert nytt avtrekksvifte på kjøkkenet samt at det er bytta ut nokre blandebatteri. Fryserommet har fått ny dør samtidig er fyrrommet pussa opp. Det er montert vassfilter på hovudvassinntaket. Siste rest av lysarmaturer med pcb blei også skifta ut dette året.

Omsorgs-/trygdebustader:

Me har **44** slike bustader. **12** Trygdebustader - eldst, **21** Omsorgsbustader, **6** Omsorgs- bustader på loft Aldersheimen og **5** Omsorgsbustader på loft sjukeheimen. 1 husvære i Trygdebustad i Uggdal vart komplett oppussa og 2 omsorgsbustader og 4 trygdebustader på Hovland. 2 omsorgsbustader på Hovland har fått nye varmtvassberedarar med overgang frå dusjkabinett til skjermveggar. Trygdebustad på Uggdal blei malt i 2011. Det er bytta avtrekkesvifter på kjøkken i fleire omsorg og trygdebustader ca 20 stk. med tanke på å førebygge brann samt ”falske brannalarmer”

PU-Uggdal 2 husvære komplett pussa opp i år

Gjennomgangsbustad Me har eitt hus med 2 husvære. Spylt tak og vegg i 2011

Personalbustader:

Me har 2 hus med samla 3 husvære. Prestebustad med hybel som legekantoret disponerer og legebustad i Våge, der kjellar er lager for Vaktmeisterstenesten. Planlagt utbetring av prestebustaden rakk me ikkje i 2011.

Tinghuset: Huset blei skrappt og malt i 2011

Rådhuset: Ny kjøler er montert på data rom elles er det kun nødvendig tilsyn.

Renovasjon, slamtøming, avløp og vassforsyning

Hovudplanane for desse områda er ikkje er revidert sidan dei vart laga og er såleis forelda. Det er heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane."

Mål

Kloakk Eidet - Rådhuset må etablerast parallelt med ny gangveg i området. Utviding slamavskiljar Lunde sentrum som følgje av bustadfelt Kattaland må gjennomførast. Hovudplanane må reviderast.

Andre avløpstiltak og kloakkanlegg

Det er fleire lokale område kor ureiningssituasjonen er lite akseptabel. Problema må kartleggast og tiltak iverksetjast. Tidlegare pålegg må følgjast opp og sluttførast.

Vassforsyning

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Plan for Etablering av Reservevassforsyning og beredskap i hht hovudplan vassforsyning er ikkje fylgt opp. Det har vore kontakt med to av vasslaga om eit samarbeid. Oppretting av eit eige driftsselskap bør diskuterast.

Kommunale vegar, kaiar og bruer

Me har ca 62 km kommuneveg, 11 definerte bruer, og 9 større kaiar. Brøyting og strøing er sikra dei neste 3 åra gjennom eigne brøyteavtalar.

Hovudplan Veg

Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak.

Internkontroll og tilstandsrapport bruer og kaiar

Me leiger hjelp frå SafeControll til å gjennomføra årlege lovpålagde tilsyn med bruer og kaiar. Siste rapport viser negativ utvikling for kai Flatråker. Elsakervågen kai er stengd, Denne er det gjort avtale med Vestskog om å oppgradere, men Vestskog har dessverre ikkje r fylgt opp med vedtak om finansiering og igangsetjing. Amlandstø kai er òg stengd og betongkaien bør fjernast. Grunnasundet bru (til Skorpo) må utbetrast.

Sikring/forsterking av kommunevegar

Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane

Kommunevegar Asfaltering og vedlikehald

Vegen til Jensvoll vart som einaste kommunale veg asfaltert i 2010. **Mål:** Vegkantane gror ned og me må òg auka satsinga på kantslått og rydding langs vegane.

Trafikksikringstiltak/Trafikksikringsplanen

Gangveg Uggdal - Reguleringsplan er laga. Forventa oppstart 2012 **Gangveg Lunde** - Plan ikkje ferdig i 2011

Aksjon skuleveg tiltak - Ikkje finansiert tiltak i 2011

Mål: Gjennomføra gangvegtiltaka og trafikksikringstiltaka. Bør vera gangveg mellom Uggdal og Våge. Trafikksikringsplanen bør reviderast.

Gravplasser

Kommunen yter teneste til kyrkjeverja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva.

Prosjekt

Bustadfelt Kattaland i Lunde blei ferdigstilt i 2010. Her er det seld 1 einebustadtomt og 1 fleirbustadtomt av til saman 14 kommunale tomter og 8 tomter regulert men ikkje tilrettelagt av grunneigar.

Bustadfelt Vågsmarka 6 blei ferdigstilt i 2011. Her er det til no seld 8 einebustadtomter og 2 fleirbustadtomter. Av til saman 29 tomter.

Ny tilkomstveg til Vågsmarka blei ferdigstilt hausten 2011. I etterkant er det kome klager på trafikksikkerheita i krysset – ikkje minst knytt opp mot skuleborn og kryssing av fylkesvegen. Dette er ei utfordring som må løysast snarast mogleg. Kommunen har tatt tak i problemstillinga ved å bringa saka fram for trafikksikringsavdelinga i Statens vegvesen.

Utviding av Våge kai er under gjennomføring og skal stå ferdig i april 2012.

Reiso kunstgrasbane blei opparbeida og ferdigstilt i 2011. Dette var eit samarbeid mellom Njardar IL og kommunen kor kommunen står som eigar og utbygger. Bana skal opnast offiselt 23. mars 2012.

Skianlegg Løkjen er under prosjektering med målsetjing å ferdigstillast anlegget i 2012.

Mål : Det må snarast etablerast nye tomtefelt i Uggdal og Onarheim det er berre få tomter att. I tillegg må arbeidet med ny barnehage og rehabilitering av Elsakervågen kai koma i gang så snart som mogleg.

LANDBRUK

Jordbruk

Næringsutvikling er ein viktig del av arbeidet, men vert ofte ein salderingspost i konkurranse med lovpålagde oppgåver. Gjennom året har fleire saker vore handsama opp mot Innovasjon Norge. Eit større nybygg for sau er ferdigstilt og anna er under planlegging. Årets tildeling av SMIL- midlar er delt ut med kr 200.000, det same er NMSK- midlar med kr 150.000. Siste registrering viser at det er 15 registrerte mjølkeprodusentar og ca 81 som søkte produksjonstilskot. Gjennom året har ein i stor grad lukkast med oppfylling av budsjetterte mål. Sakshandsamingtida er kort.

Prosjekt "Utsikt langs veg", som var eit samarbeid med Vestskog, er avslutta med så godt resultat at det bør vidareførast. Den som utførte ryddinga gjorde eit framifrå arbeid. Viktig at ny vegetasjon ikkje får kome opp og ta overhand att.

Prosjekt "Ledige gardsbruk" har hittil ført til eigarskifte på to bruk, eit er bortleigd og det forhandlast om sal av eit tredje. Dette er eit prosjekt som gjev resultat over tid.

Prosjekt "Nye næringar under gamle tak" heldt fram og det har vore deltaking i stiprosjektet "Vandring Tysnes". Vidare har det vore arbeidt med ny arealdel til kommuneplanen og materiell vedrørande gardskartprosessen AR 5 (arealressurskart) for 526 eigedomar er sendt ut. No gjenstår feltarbeid og registrering.

Registrering av "Kjerneområder landbruk" (større samanhengande landbruksområder), er påbyrja i samarbeid med bondelaget. Desse har utgangspunkt i landbruksplanen sine tre arealklasser og vil vise kva områder som bør ha eit særleg vern mot inngrep.

”Forvaltningsplan for gås” er under utarbeiding og skal leggje grunnlag for handsaming av det som for mange er blitt eit aukande og stort problem.

Mål

Å vidareføre ei velfungerande landbruksforvaltning med høg kompetanse som kan bidra til at næring og samfunn får dei tenester det er behov for - til rett tid. Leggje til rette for ei landbruksnæring som i tillegg til produksjon og vediskaping tek i vare areal og kulturlandskap.

Skogbruk

Kommunen har svært avgrensa ressurser når det gjeld skogbruk og viltforvaltning. Eit godt samarbeid med- og god hjelp frå Vestskog BA og Fusa kommune √ landbrukskontoret m.fl. har vore nødvendig.

Skog utan grenser

Prosjekt ”Skog utan grenser” heldt fram og er svært viktig for næringa, både for å synleggjere denne samt auke avvirkningskvantumet. Dette har gjeve positivt resultat, både for hogst og planting.

Skogsvegbygging

Det ligg dessverre ein del søknader om løyve til skogsvegbygging på vent, her er det no sett i verk tiltak for å få desse handsama så snart som råd.

Hogst

Via Vestskog har det vore avvirka totalt 4546 m³ tømmer frå Tysnesskogane. Dette er ca 1746 m³ meir enn forrige år.

Skogkultur

I 2011 er det ikkje sett ut planter i eldre hogstfelt i regi av Vestskog.

Skogbruksplan

Det er sett i verk tiltak for å få utarbeida ny revidert skog- og miljøplan i elektronisk utgåve. For å få dette til er ein avhengig av at eigarane av tilnærma 50 % av det produktive skogarealet i kommunen tingar plan. Med statleg og kommunal støtte vil kostnad med å tinge plan verte omtrent den same som då tilsvarande plan blei utarbeida i 1991.

Viltforvaltning

Hjortejakta: Av totalt 669 tildelte dyr, vart det felt 562 i år. (496 dyr i 2009). Det gav ein fellingsprosent på 84%. For å kunna utføra kontrollar ved felling av vilt blei det i samband med hjortejakta innført meldeplikt via SMS eller ved melding direkte til kommunen.

Kurs:

Tre personar har deltatt på ettersøkskurs som er dekkja over viltfondet i 2011. I tillegg har det vore gjeve tilskot til grunnkurs i skyting av storvilt.

Areal- og byggjesaker

Generelt

Ny plan- og bygningslov og plandel som vart gjort gjeldande frå henholdsvis 01.07.10 og 01.07.09, har medført krav om meir omfattande sakshandsaming enn tidlegare. For å kunna løysa oppgåvene på ein rasjonell måte er det viktig at ein har rette ressursar til disposisjon, og ikkje minst nødvendig arbeidsro.

Storparten av sakene i 2011 har vore dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF-områda. Om lag 70 % av sakene gjeld tiltak frå personar som bur utanfor kommunen. Tiltak vedk. hytter/fritidshus m.m. i strandsona er framleis dominerande. Dei fleste klagenene til dispensasjonssaker og motsegn til reguleringsplanar, kjem frå miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen i Hordaland.

Pkt. 2. Utvikling i saksmengde.

PBL.	2006	2007	2008	2009	2010	2011
L/T totalt.	321	347	308	248	429	259
Andel delegasjonssaker.	127	129	117	104	217	139

Tabellen angjev **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde. Inntektsutvikling: Om lag som budsjettert.

Nedgang i antal handsama saker i 2011 må sjåast i samanheng med at byggjesaksavingdelinga vart redusert med ein person siste halvåret grunna overgang til pensjonisttilvære.

Trass fleire utlysingar har ein ikkje lukkast i å få på plass ny person i løpet av året, men frå mai 2012 vil det begynna ny person som avdelingsleiar for plan- og byggjesaksavingdelinga.

Saksmengd

I desember 2011 var det om lag 230 søknader i kø. Dette omfattar både søknader under handsaming og nye søknader som ikkje er teke opp til realitetshandsaming.

I prosessen kring eigedomsskatteinnføringa vart det konstatert at det er trong for gjennomgang og kontroll av om lag 250 saker der det er tvil om det ligg føre nødvendige byggjeløyve for ulike bygg og anlegg. Desse sakene kjem i tillegg til sakene som går inn under pkt. 3.

Betalingsregulativ

Betalingsregulativet frå 2002 vart revidert av kommunestyret i sak PS 54/09. Her framgår det at formannskapet skal arbeida vidare med regulativet gjennom budsjettprosessen for 2011. Det vart gjort ein vesentleg auke i gebyrsatsane frå 2009 til 2010 for å få dei enkelte gebyra nokolunde i samsvar med kva som reelt blir utført av sakshandsaming. Grunna stor arbeidsmengde og redusert kapasitet ved avdelinga har ein ikkje fått vurdert nærare sjølvkostprinsippet i regulativet. Byggjesaksregulativet vart i kommunestyret vedteke auka med 3,25 % for 2012.

Reguleringsplanar

Det vart ikkje vedteke reguleringsplanar i 2011, kun ei ”mindre vesentleg” endring av reguleringsplan for Alsaker Brygge.

Følgjande planar er under arbeid: Hytteplan for Malkenestangen, bustad- og hytteområde i Teiglandsundet, naustplan i Humlevik, reguleringsplan for Våge, reguleringsplan Krokjen, båthamn Gjerstad, plan for Nesthuslia og reguleringsplan Alsaker Brygge Sør.

Framtidsperspektiv

Behovet for revidering av noverande arealdel til kommuneplanen har vore særleg merkbart dei siste åra. Jfr. her andelen dispensasjonssaker, merknader og klager på vedtak frå m.a. fylkesmannen v/miljøvernavinga. Arbeidet med rev. av arealdelen til kommuneplanen vart sett i gang i 2010 og er lagt ut til offentleg høyring i 2011. Største utfordring i åra som kjem er å få eit plandokument som kan vera eit meir tilfredsstillande og fornuftig verktøy for handsaming av einskildsaker, som både er i tråd med lokale og sentrale retningslinjer.

Mål

Auka sakshandsamarkapasiteten for å kunna etterkoma lovpålagd sakshandsamingstid. Kjøpa inn dataprogram slik at tenesta blir betre og sakshandsamingsrutinane meir effektive. Læra opp og kursa sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell i samband med den nye plan- og bygningslova. Revidera betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m. slik at me er trygg på at sjølkost ligg til grunn. Forbetra kommunen sine heimesider slik at publikum får relevant informasjon.

Brannvern og feiing

Gjeldande brannordning

Kommunen si brannordning vart godkjent av DSB i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder. Brannordning forutset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabranssjef i deltidsstilling og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. 01.09.11 pensjonerte brannsjef Carl.O.Olsen seg. Brannmeister Torfinn Kongsvik er konstituert som brannsjef frå same dato (ref saksnr 98/357) , for å stette krav til varabranssjef er Vidar Lid konstituert som varabranssjef frå 01.09.11. Jmf brev frå dsb av 07.12.11 er søknad om dispensasjon frå kvalifikasjonskrav for brannsjefens stedfortreder innvilga under forutsetning av at vedkomande fullfører nødvendig utdanning innan to år. Kommunen har arbeida med samarbeidsformer med nabobrannvesen utan at det er kome noko konkret ut av dette på noverande tidspunkt. Brannvesenet må aktivt vera med på utarbeiding og oppdatering av ROS analysen i kommunen og ein eventuell revisjon av brannordningen må gjenspeile denne.

Beredskap og dimensjonering

Beredskapen er dimensjonert på grunnlag av antall risikoobjekt og fastbuande. Det er ikkje teke omsyn til at Tysnes er ein ”hyttekommune”, kor folketalet kan verta tredobla i ferietid og spesielle helger. Her er det ei svakheit i brannberedskapen spesielt ved avvikling av ferie og

liknande. Eit anna moment er relativt lang forspenning- og innsatstid ved rekvirering av bi-stand frå nabokommunane, store avstandar, spreidd busetnad med manglande nærvær av tilstrekkeleg sløkkjevatt og beskjeden kapasitet på leidningsnett til dei private vassverka.

Utdanning/kurs

På grunn av manglande antall tilgjengelige kursplassar er det ikkje fullført noko grunnkurs i 2011. 1 person har fullført komplett utrykningskjøringskurs og 3 har oppdatert utrykningskjøringa. 2 personar har begynt på grunnkurs i februar 2012, 2 har utført vedlikeholdstrening for utrykningskurs i same tidsrom og 2 har begynt på komplett utrykningskurs i februar 2012. 2 personar har fullført nettbasert brannkurs i 2011.

Gjeldande brannordning forutset ein total styrke på 20 mannskap inkl. befall. Det er tilsett ny feiar med svennebrev etter at tidlegare feiar har gått over i anna stilling i kommunen.

Tilsyn av § 13 objekt. Større bygg, anlegg, forsamlingshus etc.

Tilsyn med særskilte brannobjekt er starta opp i 2011 og ein er godt i gang med dette no. DSB utførte eit dokumenttilsyn med det førebyggjande arbeidet i Tysnes kommune. Her blei det registrert eit avvik. Handlings og tiltaksplan er utarbeida og ein har fått godkjent denne av Dsb jmf "tilbakemelding på tilsynsrapport" datert 06.01.12

Utrykningar og øvelsar

Det har vore følgjande utrykningar:

- 4 automatiske brannalarmer
- 2 trafikkuhell
- 1 pipebrann
- 1 fastklemt person skogsarbeid
- 1 søk etter person i sjø
- 1 brann i bosscontainer

Det har vore følgjande øvelsar:

- 2 samlinger
- 1 teori pumpekjøring
- 3 vannføring /pumpekjøring praksis
- 2 nedbrenningsøvelsar /varme røykdykkerøvelsar
- 2 varme røykdykkerøvelsar i containere
- 1 trafikkøving
- Tas 3 kurs.

Røykdykkerøvingane og pumpekjøring/vannføring, her delte me opp mannskapa i mindre grupper kvar kveld.

Feiartenesta

Praktisk utøving av feiartenesta har fungert tilfredsstillande. Branntilsyn på bustadhus har kome i gang. Feiar er no i gang med tilsyn i bustadhus før neste feierunde tar til.

Framtidsperspektiv

I 2011 har det kome fleire førespurnader om tilsetjing i brannstyrken. Me har tilsett to nye personar og opprettheld dermed nødvendig rekruttering. På beredskapssida vil ein ha fokus på opplæring/kurs. Det er planen å gje 2 personar grunnkurs kvart år og det same når det gjeld utrykningskurs. Førebyggjande arbeid vil bli prioritert sterkt og det vil bli sett fokus på dette i 2012 (ref pan for det førebyggjande arbeidet).

Mål

Iverksetja motiverande tiltak for å behalde noverande brannvernstyrke og rekruttering av nytt mannskap. Vidareutdanna eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføra lovpålagd grunnutdanning v/NBSK. Gjeld og for både mannskapsstyrke og feiar. Ha fokus på førebyggjande arbeid i alle ledd og oppfølging av brannordning og DSB sin tillsynsrapport 16.08.07. Betra HMS og internkontroll system slik at me får enklare og betre rutinar. Følgja opp tilsynsrapport/avvik frå DSB. Prioritere og fullføre tilsyn i dei særskilte brannobjekta i kommunen. Og sist og ikkje minst - få på plass ei permanent organisering av brann og feievesenet utan å svekke det noverande tenestetilbodet.

Kart og oppmåling

Økonomi

Stor aktivitet innanfor oppmåling har ført til budsjettoppnåing i 2011. Det har ikkje blitt utført førehandsfakturering.

Utvikling i gebyrinntekter:

	2007	2008	2009	2010	2011
Budsjett	551.200,-	683.400,-	683.400,-	1.242.800,-	1.005.000,-
Rekneskap	846.231,-	623.604,-	222.515,-	804.830,-	1.009.344,-

Kart

Kartlegging

Nye høgdedata frå laserskanning i 2010 for heile kommunen vart levert 2011 samtidig med ajourhald av vegdata ifølge FDV-avtalen med statens kartverk.

Kartlegging av FKB-B data for sør-austre delen av kommunen vart utført i 2011 og skal leverast juni 2012.

Kommunale kart

Kommunen har digitalisert plandata og dokument i hht. til kravet om digitalt planarkiv. Programvaren er på plass, men det gjenstår ein del arbeid med opplasting og inntasting av planinformasjon før det kan gjerast tilgjengeleg via nettsida og Fonnakart.

Medarbeidarane på landbruk og teknisk etat har tatt i bruk kommunal kartsystem GIS/Line Innsyn med tilgong til temadatasett over kommunen.

Kvalitetsheving av matrikkelen

Kommunen jobbar fortsatt med kvalitetsheving av matrikkelen, der det blir lagt inn manglande eigedommar, grenser til sirkeleigedommar samt at det blir foretatt ein kontroll av innlagde grenser. Så langt vart det gjennomgått 4.290 eigedommar og det stå ca. 250 att. Kommunen forventar ferdigstilling av prosjektet mars 2012.

I tillegg har kart og oppmåling begynt med gjennomgang av innkomne grensemerknadar i forbindelse med tilbakemeldingar frå gardskartprosessen (AR5).

Oppmåling

Oppmålingssaker

STATISTIKK OPPMÅLINGS-AVDELINGA	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Tinglyste matrikkeleiningar totalt	36	55	21	36	61	69
Rekvirerte saker	44	81	71	31	60	108
Fullførte saker	44	43	54	26	78	119
Trend samla saksmengde	0	+38	+17	+5	-18	-11

På grunn av usedvanleg mange nye saker i 2011, var reduksjon av ventelista til tross for stor aktivitet innan avdelinga, ikkje så stort som det elles ville ha blitt. Når ein ser bort frå saker som ligg på vent eller er delvis ferdige, så har me ei samla saksmengde på 75 saker.

Midlertidige forretningar

Det vart ikkje oppretta nye midlertidige forretningar. Lista over midlertidige forretningar vart redusert frå 33 i byrjinga av 2011 til 29 stk. For tida blir jobbast det med 18 av desse sakene. Sakene skal prioriterast og det forventast ferdigstilling innan frist (31.12.2012).

Adressering

Arbeidsgruppe som vart oppretta i 2010 har ikkje jobba med adressering i 2011.

Kommunale bustadtomter

Det vart lagt ut for sal nytt bustadfelt i Vågsmarka VI med 29 eigedommar. Kommunen har avtalt tilbakekjøp av 1 tomt og selde / tildelte til saman 26 tomter. For tida er det 38 kommunale bustadtomter som er ledige for sal.